

998

NINA Rapport

## Brettsegling, kiting og surfing på Lista

Særpreg og utfordringer

Odd Inge Vistad



## **NINAs publikasjoner**

### **NINA Rapport**

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

### **NINA Temahefte**

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

### **NINA Fakta**

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

### **Annen publisering**

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

# Brettsegling, kiting og surfing på Lista

Særpreg og utfordringar

Odd Inge Vistad

Vistad, O.I. 2013. Brettsegling, kiting og surfing på Lista. Særpreg og utfordringar. – NINA Rapport 998. 44 s.

Lillehammer, desember 2013

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2608-0

RETTSHAVAR

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siterast fritt med å vise til kjelda

TILGJENGELIG

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

Arne Follestad, Odd Inge Vistad

KVALITETSSIKRA AV

Vegard Gundersen

ANSVARLEG SIGNATUR

Jostein Skurdal (sign.)

OPPDRAKSGGJEVAR/BIDRAGSYTAR

Fylkesmannen i Vest-Agder/Miljødirektoratet

KONTAKTPERSON HOS OPPDRAGSGJEVAR

Pål Klevan, FM Vest-Agder

FORSIDEBILETE

Odd Inge Vistad (også alle andre foto utan nemnt fotograf)

NØKKEWORD

- Listastrendene, Farsund kommune, Vest-Agder
- Vassbaserte brettaktivitetar, fugleliv, samfunnsinteresser
- Kvalitativ brukarundersøking
- Forvaltningsutfordringar, Ramsar-område

KEY WORDS

- Lista coastal area, Farsund municipality, Vest-Agder county, Norway
- Water based board sports, bird life, societal interests
- Qualitative user studies
- Management challenges, Ramsar-site

#### KONTAKTOPPLYSNINGER

##### **NINA hovedkontor**

Postboks 5685 Sluppen  
7485 Trondheim  
Telefon: 73 80 14 00

##### **NINA Oslo**

Gaustadalléen 21  
0349 Oslo  
Telefon: 73 80 14 00

##### **NINA Tromsø**

Framsenteret  
9296 Tromsø  
Telefon: 77 75 04 00

##### **NINA Lillehammer**

Fakkeltgården  
2624 Lillehammer  
Telefon: 73 80 14 00

## Samandrag

Vistad, O.I. 2013. Brettsegling, kiting og surfing på Lista. Særpreg og utfordringar. – NINA Rapport 998. 44 s.

Rapporten skal få fram kunnskap om ulike former for vassbasert brettssport langs Listastrendene. Det er ikkje ei kartlegging av faktisk bruk, men først og fremst formidling frå intervju med eit utval erfarne brettfolk som kjenner Lista gjennom mange år. Poenget er særpreget ved dei ulike brettaktivitetane på Lista – særleg brettsegling, kiting og surfing – og underaktivitetar innan desse. Og ikkje minst: kva krav stiller dei enkelte aktivitetane til lokalitet, til bølge- og vindforhold for å kunna kalle noko for «gode forhold»? Rapporten viser også døme på GPS-rutene til brettseglarar og vindsurfarar på ulike lokalitetar, registrert med såkalla *trackstick*.

Lista, med Listastrendene, er eit veldig særprega område med mange miljøkvalitetar, både natur-, kulturlandskaps- og kulturminnekvalitetar. Det er ei samanhengande rekkje med verneområde langs strandkanten, der omsynet til fuglelivet står heilt sentralt. Fleire delområde har status som Ramsar-område, og skal forvaltast i tråd med Ramsar-konvensjonen og verneforskriftene for det enkelte området. Verneområda overlappar langt på veg med fleire offentlege friluftsområde langs Listastrendene (del av Skjærgårdsparken Lister), men her er det dei tradisjonelle og landbaserte friluftslivet som er prioritert. Brettaktivitetane er ikkje nemnt i forvaltningsplanen for Skjærgårdsparken, sjølv om Listastrendene (frå naturens side) må reknast som nasjonalt viktige. Dette har sannsynlegvis samanheng med at vassbasert brettssport stort sett er regulert bort frå Listastrendene av omsyn til fugleverninteressene, med unntak av nokre få brett-lokalitetar (Tjørvebukta, Pisserenna, og delar av Havika). Det er særleg brettsegling og kiting som er råka av forbodet, og i mindre grad surfing. Denne rapporten bør ein sjå i samanheng med rapportane til Follestad (2012) og Follestad & Vistad (2013), men den står også på eigne bein.

I følge informantane så er det **bølgjene og landskapet** som er det mest særprega med Lista, og dette kan gje gode forhold for surfing, bølgesegling (= vindsurfing) og bølgekiting, avhengig av bølgeretning/-høgde og -frekvens, i samspel med lokaliteten. I sørlege Noreg er det vel berre Saltstein/Mølen og framfor alt Jæren som har liknande forhold. Men det er ganske sjeldan det slår til med gode bølgeforhold. Det er langt oftare gode **vindforhold** (for fristil-/racebrettsegling og fristil-kiting), men også her er det kombinasjonen av vindretning og -styrke som styrer kva for lokalitetar som får gode forhold for dei ulike (sub-)aktivitetane. Dei meir erfarne har gjerne utstyr for ulike forhold, og tilpassar det til vindstyrken; type/storleik på brettet, storleik på kiten, høgda på riggen/storleik på seglet – alt utstyr kan/bør «vere mindre» ved sterkare vind, men i samspel med kor dyktig og erfaren utøvaren er. Rapporten går meir i detalj på spekteret og omfang av aktivitetar, kva krav dei stiller til forholda, kva som er motiva og spesifikt kva lokalitetar langs Listastrendene som er særleg veltugne for dei ulike aktivitetane. Det er særleg Bausje/Nordhasselvika/Litlerauna og delvis Kviljo/Havika som er dei utfordrande lokalitetane i høve til verneformåla, nemleg å unngå «*unødvige forstyrrelser*» av fuglelivet (saksa frå verneforskriftene).

Rapporten blir avslutta med eit drøftingskapittel (samarbeid med kollega Arne Follestad) om forvaltningsutfordringar, forvaltningsprinsipp, og litt om handlingsrom knytt til verneområda. Denne diskusjonen byggjer på fylgjande premisser: alle verneområde er sosiale-økologiske system, og all menneskeleg bruk har ein effekt på naturen, men det er ikkje alle slike effektar som er uakseptable i høve til eit verneformål. Dette er m.a. avhengig av kor sårbare/robuste systema er, og kva verdi- og samfunnsmessige føringar ein legg til grunn. T.d. så seier Ramsar-konvensjonen at ein ikkje primært skal verne Ramsar-område *mot* menneske, men «*promote the conservation of the wetlands ..., and as far as possible the wise use of wetlands...*»). Som eit «parallelt område» til Lista viser vi til Mølen fuglefredningsområde (Larvik kommune) der høyringsutkastet til ny forvaltningsplan foreslår å gje rom for surfarar på eit par definerte lokalitetar (m.a. Saltstein), kombinert med geografiske avgrensingar for sjølve utøvinga av aktivitetane, både på land og på sjøen. Fylkesmannen meiner at dette ikkje vil gje «*unødvige for*

*styrrelser*». I denne avsluttande bolken av rapporten viser vi også til arbeida i norske villreinfjell (særleg Dovrefjell og Rondane), der ein har samla brei dokumentasjon, både økologisk og sosialt, for å bli meir «presis» i forvaltninga av både villreinbestand og av ulike former for bruk som ein meiner kan/ikkje kan sameinast med villreinens behov for leveområde. Her har ein identifisert såkalla *fokusområde*, altså særleg viktige og ofte utfordrande geografiske område fordi fleire samfunnsinteresser ønskjer å «vere på banen» i same området.

Odd Inge Vistad, NINA Avdeling for naturbruk, Fakkeltgården, 2624 Lillehammer.  
[odd.inge.vistad@nina.no](mailto:odd.inge.vistad@nina.no)

## Abstract

Vistad, O.I. 2013. Windsurfing, kiting and surfing at Lista. Characteristics and challenges. – NINA Report 998. 44 p

The report presents knowledge on different kinds of water based board sports along the Lista seashores. It is not a documentation of actual use, but first of all a presentation of qualitative data based on interviews with six windsurfers/sail-boarders, kite-boarders and surf-riders, all six with long experience from Lista. The main goal is to present characteristics of each of these different board sports, and their sub-disciplines. And: what are their different demands on a location, on wave- and wind-conditions in order to achieve “good conditions” for their sport? The report also presents a few examples of GPS-tracks of windsurfers and sail-boarders on different locations, registered with *Trackstick*.

The Lista area is quite unique with lots of qualities within natural and cultural heritage, and cultural landscape. There is a continuous row of protected areas along the Lista seashores where protection of birds and their habitats is the most essential conservation goal. Several of them are designated Ramsar-sites and should be managed in accordance the Ramsar-convention and the local regulations. Some of these protected areas overlap with public recreation areas (part of *Skjærgårdsparken* (skerry-guard park) Lister), but here the traditional and land based outdoor recreation is given priority. Water based board sports at Lista are not mentioned in the management plan for *Skjærgårdsparken*, even though the Lista seashores are of national importance for these board sports (due to the natural conditions). The reason is probably that water based board sports, especially windsurfing, sailboarding and kite-boarding, are mostly prohibited along the Lista seashores in order to protect the birdlife, except at a few board sport locations (*Tjørvebukta*, *Pisserenna* and parts of *Havika*). This report ought to be seen in conjunction with the reports from Follestad (2012) and Follestad & Vistad (2013),

According to the informants **the waves and the landscape** are the most unique qualities of Lista. Waves **can** produce good conditions for surfing, windsurfing and wave-kiting, depending on the wave-direction/-height and frequency, in interaction with the physical attributes of each locality. In southern Norway it is probably only *Saltstein/Mølen* and first of all *Jæren* that have similar or better conditions. But good wave conditions at Lista are still quite rare. It is far more usual with good **wind conditions** (for freestyle/race-sailboarding, or for freestyle kiting), but it is the combination of wind direction and -strength that steers what locations that will have good conditions for the different sub-activities. The more experienced performers tend to have equipment for different wind-/wave-conditions. The report goes more in detail on the spectrum and extent of different activities, what the motives are, and especially on which locations along the Lista seashore that are well suited for the different activities. *Nordhasselvika* (including *Bausje* and *Litleråuna*), and partly *Kviljo/Havika* are the most challenging locations, due to the conservation goals, and the need to avoid *unacceptable disturbance* of the birdlife.

In the final chapter we discuss (co-written with colleague Arne Follestad) management challenges, management principles and possible management latitude in these protected areas. The discussion is based on the following premises: all protected areas are social-ecological systems (SES), all human activity will have an impact on the nature, but the actual impacts are not necessarily unacceptable in relation to the conservations goals. It very much depends on how vulnerable/robust the systems and different bird stocks are, and which societal values and guidance the management should be based on. E.g. the Ramsar-convention states that a Ramsar site is not to be protected *from* humans; the aim is to «*promote the conservation of the wetlands ..., and as far as possible the wise use of wetlands...*». As an area comparable to Lista, *Mølen fuglefredningsområde* (bird protection area) in Vestfold county is presented and discussed: A draft management plan for *Mølen* has recently been on a public hearing, and the draft plan proposed a surfing permit at two specific locations (including the important surf location *Saltstein*), but with a clear geographical demarcations showing where it is legal and illegal to surf. According to the county governor (the management authority) both bird protection and

surfing interests are here taken into account. The final section refers to some good experiences with another type of management challenge: balancing wild reindeer protection and human visitation in the wild reindeer mountains.

Odd Inge Vistad, Norwegian institute for nature research (NINA) – Human Dimension Department, Fakkeltårnet, NO – 2624 Lillehammer. [odd.inge.vistad@nina.no](mailto:odd.inge.vistad@nina.no)



# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>5</b>
<b>Innhald .....</b>	<b>7</b>
<b>Forord .....</b>	<b>8</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>9</b>
1.1 Formål.....	10
1.2 Studieområdet Lista.....	11
<b>2 Metode .....</b>	<b>12</b>
<b>3 Vassbasert brettsport langs Listastrendene – kva og kvifor? .....</b>	<b>14</b>
3.1 Kiting.....	16
3.2 Brettsegling.....	17
3.3 Surfing.....	22
<b>4 Kva er «gode forhold» for ulike brettsport? .....</b>	<b>23</b>
4.1 Kiting.....	24
4.2 Brettsegling.....	25
4.3 Surfing.....	27
<b>5 Brettsport på Lista – kuriøst fenomen eller sannsynleg masseinvasjon? .....</b>	<b>28</b>
5.1 Før og i dag? .....	28
5.2 Kvifor Lista? .....	28
5.3 Lista-favorittar for dei ulike aktivitetane – ei oppsummering .....	29
5.4 Potensiale for stor bruk? .....	30
<b>6 Samordning med fuglevern og andre interesser – går det?.....</b>	<b>33</b>
Av Odd Inge Vistad & Arne Follestad	
6.1 Uroing av fugl.....	33
6.1.1 Eksemplet Saltstein, Mølen fuglefredingsområde .....	33
6.1.2 Fugleinteressene og forvaltningsutfordringar på Lista .....	35
6.2 Samspel/konflikt mellom naturvern, friluftsliv og andre samfunnsinteresser? .....	39
6.3 Avrunding.....	40
<b>7 Referansar.....</b>	<b>43</b>

## Forord

Lista og Listastrendene er eit veldig særprega område med mange miljøkvalitetar både innan natur- og kulturminnefeltet. Dette er bakgrunnen for t.d. den samanhengande rekka av verneområde langs strandkanten, der omsynet til fugleliv står heilt sentralt.

Dei same Listastrendene – særleg strekninga frå Borhaug og austover til Einarsneset og Lomsesanden – er også viktige område for friluftsliv. Og på fleire lokalitetar er det tilrettelagt for parkering, bruk og oppleving av strandkanten (**figur 1.2**). Forvaltningsplanen for Skjærgårdsparken Lister (Fylkesmannen i Vest-Agder 2009:106-125) presenterer sju lokalitetar på denne strekninga med både eksisterande og planlagt tilrettelegging for friluftsliv. Blant desse sju manglar fire avtaler med grunneigar, medan Bausjesanden er kommunalt friområde, og Havika og Einarsnes/Lomsesanden er to statlege friområde. I sum er Listastrendene ei lang rekkje med verneområde og nokre offentlege friluftsområde, og med sterke landbruksinteresser på innsida. Det er ei stor utfordring å kome fram til ei samordna forvaltning av dette fleirbruksområdet.

I omtalen av dei sju friluftslivs-områda så er det det land- og badebaserte friluftslivet som blir nemnt og dermed prioritert. Brettsport er ikkje omtalt. Men det er ingen tvil om at for brettssport som kiting, vindsurfing og (bølgje-)surfing så har Listastrendene ein veldig høg verdi – så lenge vi snakkar om naturgevrne forhold – både på regionalt og nasjonalt nivå. Men brettmiljøet er kanskje den brukarinteressa på Lista som har møtt sterkast motbør, ved å bli stengt ute frå fleire gode surfelokalitetar av omsyn til vernemåla for dei freda områda og særleg pga. fuglevernet.

Bakgrunnen for rapporten var eit oppdrag for Direktoratet for naturforvaltning (no: Miljødirektoratet) og Fylkesmannen i Vest-Agder, med vekt på utprøving av metodar for å studere korleis sjøfugl reagerer på brettaktivitet på Lista (sjå Follestad & Vistad 2013). For å få utført feltarbeidet var vi sjølv sagt avhengige av eit nært samarbeid med brukarane – altså utøvarar av ulike brettaktivitetar. Dei skulle utøve aktiviteten sin medan forskarane skulle observere korleis ulike fugleartar reagerte på ulike brettaktivitetar, på ulike lokalitetar og under ulike vind- og bølgjeforhold. Kunnskap om kva krav som måtte vere oppfylt for at kitarar, brettsegalarar og surfarar kunne «gå ut», var eit viktig grunnlag for å få gjennomført forsøket. På same måte er lokal kunnskap om bruken og brukarane (her: brettssport) eit viktig grunnlag for å få til ei god forvaltning av verneområda på Listastrendene og særleg for å vurdere graden av konflikt / høva for eventuell samkøyring mellom verneinteresser og friluftsliv. Denne rapporten er slik sett eit bidrag til betre kunnskap om (ein del av) bruken og brukarane på Lista.

**Dette er ikkje ein fagrapport TIL brettfolket; det er fyrst og fremst ein fagrapport OM ulike brettaktivitetar på Lista til dei som står utanfor brettmiljøet, men som har behov for eller nytte av meir kunnskap om vassbasert brettssport.**

Det meste av rapporten er skriven av Odd Inge Vistad, men det siste kapitlet '*Samordning med fuglevern og andre interesser – går det?*' er eit samarbeid mellom Vistad og Arne Follestad – altså eit fellesprodukt mellom ein samfunnsvitar og ein naturvitar. Denne rapporten supplerer rapporten om metodeutprøving ved effektstudiar på fugl av ulike former for brettaktivitet på Lista (Follestad & Vistad 2013). Her vil eg spesielt takke informantane for stor velvilje, både ved å stille opp til intervju og bruke tid på aktiv utøving av sine aktivitetar slik at vi fekk gjennomført «uroingsforsøka» på Lista. Takk for at de forklarte i detalj til ein friluftslivsforskar, men likevel ein novise på vassbasert brettssport, om kva slag aktivitetar dette faktisk er og kva krav som skal vere tilfredsstillt for at ein kan snakke om «gode forhold» for kiting, brettsegling og surfing. Takk også til Fylkesmannen i Vest-Agder, samt Direktoratet for naturforvaltning (no: Miljødirektoratet) for at dei har prioritert fram middel til å finansiere metode-prosjektet, innlagt denne brukarstudien.


Desember 2013, Odd Inge Vistad

# 1 Innleiing

I Forordet blir det referert til Forvaltningsplan for Skjærgårdsparken Lister. Den planen legg til grunn følgjande premiss for tilrettelegging for friluftsliv (bygd på Handbok 16 frå DN (2001)<sup>1</sup>:

1. Minske dei fysiske barrierane for friluftsliv og dermed legge til rette for auka friluftslivsaktivitet.
2. Hindre at friluftslivsaktivitet fører til unødige naturinngrep, slitasje og uroing av plante- og dyreliv, kulturminne og kulturmiljø.

Dei to punkta illustrerer godt utgangspunktet for dette prosjektet på Lista, og for denne rapporten. Her er to ansvarsområde for miljøforvaltninga fortetta inn i same «pakka» - å stimulere til friluftsliv fordi det er eit gode for folk og samfunn, samt å sjå til at miljøkvalitetar blir tatt vare på. Og langs den aktuelle strandlina er det ei samanhengande rekke av verneområde, med unntak av Tjørvebukta ved Borhaug; sjå **figurane 1.1 og 1.2**. **Figur 1.1** viser også at fleire av desse verneområda har Ramsar-status, og inngår i det som vert kalla Lista Våtmarkssystem – det einaste Ramsar-området i Vest-Agder.



**Figur 1.1** Verneområda på Lista. Ramsar-områda (mørke grøne) er vurdert etter internasjonale avtaler og er spesielt viktige. ([Miljostatus.no/Vest-Agder](http://miljostatus.no/Vest-Agder)).

Ramsar-konvensjonen (Konvensjonen om våtmarker av internasjonal tyding – underskrive i 1971) omfattar bevaring og berekraftig bruk av våtmarker. Utgangspunktet for konvensjonen var å sikre leveområda for vassfugl, men i dag legg ein til grunn ei utvida tolking som «ivareta-

<sup>1</sup> Denne handboka er no erstatta av DN-handbok 30 (2011): Forvaltning av statlig sikrede friluftsområder.

*kelse av våtmarker i bred forstand; både som leveområde for flora og fauna, og som viktig naturressurs for mennesker»* ([www.miljostatus.no/.../Ramsarkonvensjonen](http://www.miljostatus.no/.../Ramsarkonvensjonen)). Det engelske omgrepet i konvensjonen for berekraftig bruk er «*wise use*» ([www.ramsar.org](http://www.ramsar.org)), altså *klok bruk*. Det er viktig å merke seg at Ramsar-konvensjonen ikkje berre skal verne område MOT menneske, men også for *klok* menneskeleg bruk og utnytting. Kva som er klok bruk og ikkje, må truleg avgjerast område for område.


Eitt fagleg grunnlag for å vurdere kva som må sorterast ut («uklok bruk») eller kan sorterast inn («klok bruk») er detaljert kunnskap om den aktuelle bruken og kva effektar denne bruken har/kan ha på t.d. naturen.

## 1.1 Formål

Rapporten skal få fram kunnskap om ulike former for brettssport langs Listastrendene. Men prosjektet er ikkje ei omfattande kartlegging av faktisk bruk i løpet av t.d. eit år. Prosjektramma har vore ganske avgrensa og eg har lagt vekt på å få eit utval erfarne brettfolk som kjenner Lista gjennom mange år, i tale. Dessutan vart nokre utøvarar utstyrte med såkalla *trackstick* for å vise døme på digitale geografiske spor av ulike aktivitetar på ulike lokalitetar.

## 1.2 Studieområdet Lista

Lista er eit heilt særprega område i Farsund kommune, på Sørlandskysten. Det er ei vidstrekt slette ut mot havet som er rekna som det mest verdifulle naturområdet i landsdelen. I tillegg kan Lista framvise ei uvanleg samling av kulturminne, eit særprega kulturlandskap og visstnok landets høgaste tettleik av fornminne. Her er kilometervis av kvite sandstrender i veksling med rullestein og berg, som innbyr til eit spekter friluftaktivitetar og naturopplevingar.



**Figur 1.2.** To utsnitt av Listastrendene (frå Miljøstatus.no). Nedre utsnitt viser det området som har særleg naturgjevne forhold for ulike former for brettssport. Frå Borhaug i nordvest til Havika i sør-aust.

## 2 Metode

I denne rapporten så er det brukarane – altså dei som brettpadlar/kitar/seglar/surfar på brett – som er vektlagt. Vi (som forskarar) hadde fleire synfaringsturar og møte på Lista og Jæren (frå sommaren 2012 og framover) før vi såg den første personen på sjøen på brett. Vi gjorde avtaler, og gjorde om på avtaler, med aktuelle informantar for å finne eit tidspunkt med gode vindforhold slik at det klaffa både for å vere aktive på sjøen og for intervju; det skjedde i april 2013.

Fem informantar vart **intervjua**. Desse fem dekkjer alle dei fire aktuelle brettaktivitetane. Tre vart intervjua individuelt og alle tre i fleire omgangar og delvis «on-site» (i sjøkanten). Dei to siste – som representerte brettsegling – vart intervjua ilag. Dette dobbeltintervjuet vart gjort spontant i samband med deira dagstur til Lista, då dei rigga utstyret for å segle i Tjørvebukta (frå Bispen) og intervjuet varte om lag 35 minutt. Dei tre individuelle representerer SUP, brettsegling, kiting og bølgesurfing, og intervjua varte frå halv-annan time til tre-og-ein-half time. Kvart av desse tre intervjua vart gjort vekselvis i strandkanten og innomhus. Alle fem informantane har lang erfaring; den minst erfarne har drive brettaktiviteten sin i 12 år, og dei mest erfarne frå slutten av 80-talet.

Intervjua fylgde eit semi-strukturert opplegg: det var laga ein intervjuguide med grove tema (sjå nedanfor) og med fritt rom for informantane til å fylle på med eigne innspel. Intervjua hadde inngang og fokus på sjølve aktiviteten (kva, kvifor, kvar, kven, når, korleis...) og ikkje på konflikten med fugl og verneinteressene. Men vi kom uvilkårleg inn på vernereglar, forbod mm i gjennomføringa av alle intervjua, sidan fleire gode brett-lokalitetar har forbod mot desse aktivitetane.

### Temaliste for intervju med surfarar og brettseglarar på Lista, våren 2013:

1. Surfe-/brettaktivitet – type?
2. Aktuelle lokalitetar for denne aktiviteten på Lista?
3. Når blir det surfa/kita/segla, forhold (årstid, vindretning, -styrke...).
- Lang planleggingstid for turen?
4. Kor mange samstundes, kor ofte, kven (kor kjem dei frå)?
5. Krav til forhold (sjø, bølger, vind, botn, på land...)?
6. Kvar ligg Lista på preferanseskalaen for denne typen aktivitet?
7. Alternative område?
8. Kva er «utbyttet», trivselen med denne typen aktivitet?
9. Kor spesialiserte er ulike surfarar/seglarar/kitarar?
10. Anna?

Det vart gjort lydopptak av intervjua. Desse vart seinare skrivne ut (transkriberte). I teksten blir det stadig sitert frå informantane (presentert i *kursiv* og «*hermeteikn*»). Der det tykkjast vesentleg blir sitata knytt til typen informant (aktivitet og ev. heimstad). Informantane er anonymiserte.

Vi utstyrte også utøvarane med **trackstick**. Ein trackstick er ein liten GPS-sensor (storleik som ein liten mobiltelefon) som brukarane har med seg på «turen» i eit vasstett futteral. Den registrerer GPS-posisjonen med fem sekundars mellomrom. Slik sett får ein ei digital rute som sidan



vert kopla mot eit digital kart eller satellitt-foto (i dette tilfellet Google Earth). GPS-metoden og nytteverdien er nærare omtalt i Gundersen et al. (2012).

Nytteverdien er at ein får eit inntrykk av rørslemønsteret av aktiviteten/utøvaren på sjøen/lokaliteten. Vi har fått fram mønsteret for brettseglarar/vindsurfarar på tre lokalitetar og ein tur med ein enkelt SUP (brettpadlar). Kite-turen vart dessverre ikkje registrert pga. ein teknisk svikt. Vi har ingen registreringar (eller observasjonar) av surfar på sjøen.



**Figur 2.1** Trackstick, klar med USB-kontakt for nedlasting av data.



**Figur 2.2** Trackstick i vass tett Futteral som er hengt med snor i trapesen.

### 3 Vassbasert brettssport langs Listastrendene – kva og kvifor?

Mange aktivitetar kan sortere under overskrifta Brettssport. Her snakkar vi om det som skjer på sjøen, og held altså brettssport på land og på snø utanfor. Men det er verdt å nemne at mange av dei som driv med t.d. kiting på sjøen også driv med snø-kiting til fjells. Fleire av informantane brukte ordet «*vannsport*» som eit samleord for dei aktuelle aktivitetane. Eg har valt heller å bruke brettssport, sidan vassport også kan omfatte motoriserte aktivitetar, vassski, dykking, padling, roing, segling mm. Som nemnt er heller ikkje 'brettssport' perfekt sidan det omfattar meir enn brett-på-vatn (sjå t.d. Wikipedia «*Boardsport*»: <http://en.wikipedia.org/wiki/Boardsport>). 'Surfing' kan ikkje nyttas som eit samleord; som «*aleineord*» er det reservert for aktiviteten bølgesurfing, men det finst også variantar som vindsurfing (med segl) og kitesurfing (med kite), og alt dette krev bølger. Kanskje 'vassbasert brettssport'?

Grovt sett er det fire brett-kategoriar (basert på kombinasjonen av utstyr) som er relevante for Lista. Desse kan t.d. listast opp som her, etter stigande vanskegrad (sett frå ein nybyrjarsynsstad).<sup>2</sup> Men for kvar av dei fire kategoriane er det også eit indre mangfald, styrt av utøvarer si erfaring og interesse knytt til utvikling, mestring, læring, spesialisering, utstyrstilpassing, vind- og bølgeførhold og det å utfordre stadig vanskelegare (ver-)forhold mm, som gjer at t.d. brettsegling – ja, det er så mangt. På internett (t.d. YouTube) finn ein utstys-, opplærings-, instruksjons-, og oppvisingsvideoar for kvar enkelt sport og variasjonar innan aktivitetane.

1. **SUP: *Stand-Up Padling* eller brettspadling**
2. **Kiting: fristil-kiting og bølge-kiting (kitesurfing)**
3. **Brettsegling: fristil-segling, slalåm/race-segling og bølge-segling (vindsurfing)**
4. **Surfing. Også kalla bølgesurfing**

Interessa for vassbasert brettssport kom for fullt til Noreg (og Lista) på 1980 og 90-talet og ifølgje våre informantar var pågangen av aktive til Lista mykje større den gong enn i dag – dette gjaldt særleg brettsegling. Kiting som aktivitetsform (både på Lista og elles) kom ikkje før rundt tusenårsskiftet. Alle fem informantar er i dag mellom 35 og 44 år, og med unntak av ein så var alle aktive også på den tida brettseglinga dominerte.

Det er delvis mykje utstyr knytt til brettssport, og for dei fleste er det store avstandar til dei gode lokalitetane; slik sett er førarkort og bil ein føresetnad. Difor avvik sannsynlegvis brettssport på havet litt frå «brett med hjul» og snøbrett, ved å appellere til dei som er over ungdomsfasen: «*Dei fleste som er aktive no er over 30 år*» (brettseglar frå Oslo). Fossgård (2011) omtalar snø-kitarar omlag på same måten: Dei har strenge krav til lokaliteten og vinden, og har ofte lange transportetappar. I eit (sannsynleg representativt) utval av snø-kitarar har Fossgård (2011) rekna ut snittalderen deira til 33,5 år. Når det gjeld brettssport på sjøen så vil truleg alder og appell variere noko frå lokalitet til lokalitet og mellom dei ulike aktivitetane. T.d. skriv Langseth (2012) om surfing på Jæren og omtalar det som ein aktivitet i kraftig vekst. Han refererer også til redaktøren i magasinet *Fri Flyt* som omtalar surfing som den mest trendy aktiviteten ein kan drive med for tida. I doktorgradsarbeidet sitt har Langseth konsentrert seg om Jæren, «*det eneste stedet som har både kvalitetssurfebølger og en relativt stor befolkning i nærheten av*

<sup>2</sup> Det er diskutabelt om det er kiting eller vindsurfing/brettsegling som det er lettast å kome i gang med for ein nybyrjar. Men kite-informanten meinte kiting er «lettast», særleg fordi det ved havari er lettare å kome seg opp att på brettet ved hjelp av kite + vind, enn ved hjelp av segl + vind.



*bølgene, og er dermed det eneste stedet der det finnes en surfekultur av en viss størrelse. Stavanger har på mange måte blitt Norges 'surf city'»(s. 11).*

Dei tre aktivitetane som blir vektlagt her er kiting, brettsegling, og surfing. Men innleiingsvis nokre få ord om **SUP**. *Stand-up padling* eller brettpadling er på eitt vis den yngste av brettaktivitetane på sjøen og den aktiviteten som stiller minst spesialkrav til lokaliteten og verforholda («...og den er vel ganske marknadsstyrt – for å halde liv i bransjen?»). Men Wikipedia skriv at SUP er ei svært gamal form for surfing frå Hawaii, gjerne for å tilbakelegge lengre distansar. For brettpadling må det gjerne vere vindstille og/eller flatt hav - særleg for ein nybyrjar, sidan ein her står oppå eit relativt breitt og stødig brett og kjem seg (sakte) framover ved hjelp av ei lang padleåre. Men brettpadling kan utviklast til ein avansert aktivitet, t.d. som ei form for bølgesurfing med åre.

Felles for dei tre aktivitetane (bortsett frå SUP) er at det normale ferdselsmønsteret på sjøen har form av ein (meir eller mindre langstrekt) trekant: Ut mot vinden – opp mot vinden – inn med vinden, om att og om att (sjå GPS-figurane i kapittel 3.2 og 3.3). Ein spelar sjølvstilt på lag med vinden og ev. bølgene. For kiting er dette ein ganske stor trekant, for brettsegling gjerne mindre; og for begge er det særleg vinden som definerer ruta. Ein *kan* gå langt frå land, men regelen er at ein held seg ganske nær land. Dette har mykje med tryggleik å gjere. T.d. kan vinden løye og det blir vanskeleg å kome i land att. Også surfaren følgjer eit slag trekantmønster, men fullt og heilt styrt av bølga (og ikkje vinden) – både retning, høgde og frekvens mellom bølgene (gjerne kalla *svellen*, frå engelsk *swell*). Surfaren «padlar» seg inn på ei bølge rett før den bryt, og reiser seg opp på brettet. Han (det er som oftast ein mann) får fart ved å svinge opp og ned bølgeveggen inni bølga. Etter å ha fullført ein «trekant» må surfaren legge seg på brettet og «arm- og fotpadle» utover att, og vente på ei ny god bølge.

Normalt er utstyret som trengs privat; folk kjøper det dei har behov for – gjerne brukt utstyr i starten, og supplerer og fornyar om interessa og utfordringane veks. Godt og komplett utstyr – innan alle disiplinar – kan ein få for omlag 15.000 kr. Men sjølvstilt finst det både billigare pakker og meir kostbart utstyr. Og skal ein kombinere fristil-kiting/-segling med bølge-kiting/-segling så må ein supplere utstyret for å tilpasse seg det som aktiviteten og forholda krev. Ein reindyrka bølgesurfar slepp ganske billig frå det – sidan det berre er snakk om brett og våtdrakt. Dei ulike aktivitetane kan bruke same type våtdrakt. I samband med kurs er det gjerne inkludert leige av utstyr.

Utstyret (ikkje minst brettet) er sårbart for støy og taklar dårleg å «møte» stein, berg og molo («...nesten som eggeskal. Går det i moloen på utsida her så går det i stykke med ein gong. Det toler berre det det er laga for» - sa eine brettsegleren om moloen rundt Tjørvebukta).

Brettsporten er sosial, men likevel ganske individualistisk; «*dette er frie sjeler som reiser rundt*». Det er så få aktive utøvarar at «*alle kjenner alle*» innfor eigen aktivitet, «*frå Nord-Møre til Oslo*», som eine brettsegler-informanten sa det. Dette er sannsynlegvis ei (mild?) overdriving, men er truleg avhengig av kvar i landet ein er og kva brettaktivitet det er snakk om. På Jæren, med mange lokale utøvarar og brettsport i vekst, er det sannsynlegvis annleis.

Alle aktivitetane kan reknast som heilårsaktivitetar, men «folk flest» er berre aktive frå våren til tidleg-hausten fordi dei vil ha behagelege vêrforhold. Vintersurfing/-segling/-kiting er meir for dei vidarekomne og gjeld særleg aktivitetar knytt til bølger, men også då er plussgrader viktig. «... *det er veldig få som greier dei tøffaste forholda, men desse få er veldig innstilte på å få med seg dei beste dagane. Dette er ei liten, nærast elitegruppe*». Om vinteren ventar denne gruppa på dei store lågtrykka og vind/bølger frå rett kant (helst frå nord-vest), og då er det oftast plussgrader. Resten av året er det mindre med lågtrykk, sjeldnare gode nok forhold for dei kravstore. Vinteren 2012/2013 hadde dårlege forhold, med mykje kulde og mykje frålandsvind og austavind, og altså få gode brett-dagar. Eg gjorde intervjuet i april og då var det også forhold for både bølgesegling og bølgekiting, og informantane sa dei berre hadde hatt éin Lista-tur før denne vinteren (i februar). For kitarar er årstidsvariasjonen litt annleis; Fossgård (2011) seier at

82 % av snø-kitarane kitar både på vatn og snø, så snøkiting og vasskiting er til saman ein heilårsaktivitet for dei aktive.

### 3.1 Kiting

Basisutstyret for ein kitar er våtdrakt, brett, trapes/belte til å halde fast lina til kroppen, sjølve lina/linene med styresystem (ein bar eller styrepinne), og så kiten/draken/kragen og luftpumpe til å pumpe opp draken (når denne er oppblåsbar). Brett og drake kan ha ulik storleik og lina kan ha ulik lengde. For bølge-kiting må ein ha tryggingssline frå kroppen til brettet. Det skal ein ikkje trenge til fristil-kiting.

Kiting (eller *kiteboarding*) er den mest plasskrevjande aktiviteten – både i behovet på land, og i «okkupert» område på sjøen og i lufta. Og til meir uerfaren ein er, til meir plass er det godt å ha. Eller sagt på ein annan måte: det å kome seg ut frå land og inn att til land er to særlege risikofasar – særleg for dei uerfarne. Grunnen til plassbehovet er først og fremst lengda på lina som held kiten; den går 20-25 meter ut frå kroppen (noko kortare for bølge-kiting), der den er festa i ein trapes (eit kraftig belte/vest). Men også sjølve kiten (draken) er stor. Og det er erfaring og godt samspel med vinden som gjer at ein kjem godt og trygt ut og inn. «*Nybyrjarane må lære og forstå at vinden er det springande punktet; må lære seg å vere på hogget når fyrst vinden er der.*»

Vår informant brukar ulik storleik på kiten alt etter formål og vêrforhold, frå 5-7 m<sup>2</sup> kite til bølge-kiting og opp til 9-12 m<sup>2</sup> til fristil-kiting. Ved sterkare vind skifter ein til mindre kite. Og tilsvarande med brettet: med sterk vind og høgare fart brukar ein mindre brett (det same gjeld for vind-surfing).

Ifølgje informanten må vindstyrken vere 6 m/s som eit minimum, og med normalt gode forhold opp til 12 m/s. Men ein kan kite opp mot 20 m/s. Han rekna det optimale til å vere 7-10 m/s, men ein kan altså kompensere for sterkare vind med ein mindre kite. Når ein er over nybyrjarfasen så vil ein gjerne ha skaffa seg både stor og liten kite. Men elles er det ikkje eit spesielt stort utstyrsbehov. Bølge-kiting krev noko meir utstyr enn fristil-kiting, og det er to ulike brett. Det finst også andre former for kiting, med sine særkrav til utstyr og forhold.

Ein nybyrjar er ein fristil-kitar, men ein fristil-kitar treng ikkje vere ein nybyrjar. Det optimale for **fristil-kiting** er rein, stabil vind, men flat sjø. Det er ein kombinasjon som ein kan oppnå i le av t.d. ei låg landtunge eller halvøy (lågare enn ca. 2 meters landhøgde). Den må vere låg for å forhindre vind-turbulens på le-sida. Det er lettare å få til tricks på flatt vatn og med stabil vind, men ein kan også utnytte bølger til hopp og triks. Sjølve triksinga skjer særleg når ein går medvinds. Det er likevel lettare å tilfredsstille krava til ein fristil-kitar enn til ein **bølge-kitar**, sidan det er vanskeleg å finne ein god, trygg og attraktiv lokalitet som også har gode bølger. Det er sikkert noko av grunnen til at bølge-kiting er ein smal sport, i tillegg til at den er teknisk krevjande, og ganske utfordrande når det gjeld tryggleik. Det vesentlege er å lære seg bølgjene. Informanten seier at han brukte 3-4 år på å lære seg bølge-kiting – det er ein kontinuerleg læringsprosess.

Å kite – ifølgje informanten – er ikkje fysisk tungt i seg sjølv. Kiten er festa i trapesen og arma- ne blir berre brukt til å styre med. På sett og vis så «heng» ein i trapesen, men med meir eigeninnsats (triksing mm) blir ein meir sliten. Han seier han kan kite samanhengande i fire timar; «*då er eg heilt gåen*». Men han kan også bli utsliten etter berre ein til halv-annan time med intens kiting. «*Det er ikkje vinden, men eigen innsats som avgjer kor sliten ein blir*».

Informanten nemner ein serie gode grunnar og motiv for å kite. Det fysiske slitet, meistringa og det å bli flinkare er alt nemnt. Og så er det «*rett og slett kjempegøy; ein fantastisk måte å erfare sjøen og området på*». Naturopplevinga er veldig viktig; ofte er det ikkje full klaff med vind-

og bølgeforhold, men ein blir veldig nøgd med berre å ha kome seg ut på sjøen – seier informanten.

Det sosiale er viktig, men ikkje så sterkt når ein er ute på sjøen – mest før og etter. Og så er det ein «regel» at ein alltid skal vere minst to – fordi det blir tryggare og ein kan hjelpe kvarandre når ein går ut, ev. kameratredning osb. Informanten er litt tvitydig på om det er farefullt å falle av brettet i sjøen. Om ein har lært seg grepa og klarar å få kiten til å samarbeide med vinden og sjøen, så kan ein styre seg sjølv inntil brettet att. Det er farlegare med steinstrand, moloar og tronge forhold, særleg for dei uerfarne og i dei to kritiske fasane: når ein går ut frå land og når ein kjem inn att, eller om draken kjem ut av kontroll og ein seglar på land.

Når det gjeld konkurransar så fortel informanten at det ikkje er så vanleg i norsk kiting, ikkje minst fordi mykje av ansvaret må kvile på Jæren; dette er einaste lokaliteten der det let seg praktisk gjennomføre (kiteforhold, plasskrav og vernereglar), og om det blir arrangert NM så er det også på Jæren. Det er også eit årleg langdistanserace i Oslofjorden («*Kongen av Færd*»). På Jæren er det konkurransar i fristil (hopp og tricks) og bølgekiting. Under ein fristil-/bølge- konkurranse vil 50-100 personar vere samla på ei strand. Dei fleste deltek i sjølve konkurransen, men berre to til fire personar får vere på vatnet samstundes (i heat). Utanom heata vil det vere mange på vatnet. Ein slik konkurranse vert normal avvikla frå fredag til sundag, men det er sjeldan at det bles nok til at ein kan kite heile helga. Det er lite publikum på slike konkurransar sidan det oftast er ganske ufysleg ver. For å vere tryggare på gode vindforhold (= ufysleg ver!?) er gjerne konkurransane i perioden september-oktober.



**Figur 3.1** Kitar ved Litlerauna 6. april 2013.

## 3.2 Brettsegling

Basisutstyret for brettsegling er våtdrakt og brett med rigg (mast, bom og segl), og ein trapes som festar seglaren til riggen (m.a. for å avlaste armene). Brettet kan ha ulik storleik, riggen

ulik lengde/høgde og seglet ulik storleik. Den som har eit sortiment med utstyr vil velje både brett, rigg og segl etter vind- og bølgefjorhold; den som har eitt sett utstyr må velje å segle den dagen det er forhold som passar utstyret. Ein brettseglar har meir og tyngre utstyr enn ein kitar, og har difor også større behov enn kitaren for å kome nær sjøkanten med bilen og utstyret. Brettet veg om lag 8-10 kg og riggen om lag det same. Masta er rundt 4 meter lang.

Lista som brettlokalitet starta med brettsegling på 1980-talet, og særleg på Bausje i Nordhasselvik (Benestad & Vikøyr 1995:86): «*Bausje er på Norgestoppen og internasjonalt kjent som brettseilingsarena. Området har i perioder blitt mye brukt både til trening og til Norges-cup arrangementer m.v.*» Det er to eller tre hovudformer for brettsegling: fristil-segling (og slalåm/race-segling) og bølge-segling. Og det er klare parallellar til dei to tilsvarande formene for kiting (fristil og bølge), når det gjeld kva som er «gode forhold». Men det er ikkje fullt så enkelt som at ein super-lokalitet for kiting nødvendigvis er ein super-lokalitet også for brettsegling. Overført på Lista så tyder det at ulike aktivitetar har kvar sine krav og favorittlokalitetar, men det er også eit par lokalitetar som kan fungere som «kompromisslokalitetar» - sjå neste kapittel.

Som for kiting så er brettsegling ein sosial aktivitet, men mest før og etter seglinga. På den andre sida: «etter» er ein gjerne så sliten at det ikkje blir så mykje sosialt likevel. Men i større grad enn for kiting så er det også eit sosialt sampel utpå sjøen (m.a. fordi brettsegling er mindre plasskrevjande enn kiting): ein kan matche kvarandre på farten og i svinginga osv. (sjå t.d. **figur 3.5** som viser mønsteret for to brettseglarar som var utpå samstundes ved Bispen/Tjørvebukta).

Det er ganske vanleg med regattaer og konkurransar i brettsegling – og føresetnaden er ope vatn og relativt stabil og god vind. Den klassiske forma er konkurranse i bølge-segling, men i Noreg er det slalåm/race-segling på relativt flatt vatn som har vore vanlegast. Det er om og gjerne å segle fort i heatet sitt. Eine informanten seier at ein gjerne startar med fleire heat med åtte og åtte deltakarar, og dei fire beste går vidare. Så kjem finalen til slutt. Ein måler ikkje farten; det gjeld å kome fyrst i mål. Kvifor er brettsegling på Lista attraktivt? Det er ein miks av alt: aktiviteten, naturen, vinden, ev. bølgjene, adrenalinnet, det sosiale – og særleg det evige håpet om alle ingrediensar skal slå til nettopp «i dag»! Det veit ein jo aldri før etterpå, om det vart den ultimate dagen og opplevinga.



**Figur 3.2.** Vindsurfar/brettseglar på veg til sjøkanten (ved Steinsvika, aust for Litlrauna), 19. april 2013. Vi ser at bølgjene bryt utanfor Bua (ytst på Litlrauna); det vart større bølger då han kom utpå.





**Figur 3.3** GPS-rute for den same vindsurfaren/brettseglaren, for den same turen 19. april 2013. Han gjekk ut litt lenger nord enn han kom inn att. På dette biletet er også ruta for éin brettpadlar rundt sjølve Litlerauna (7. april 2013), som ligg som ein enkelt raud strek (han padla motsols). Som vi ser kryssar brettpadlaren land ved «foten» av Litlerauna, på veg tilbake. 7. april var ein dag med rolegare sjø – sjå bilete på framsida av rapporten.

På 1980-talet, då det var langt meir aktivitet enn i dag, var det nesten berre brettsegling det dreia seg om på Lista – ikkje SUP, ikkje kiting og ikkje bølgesurfing. Og nær all aktiviteten var i Bausjebukta. I ettertid har t.d. bølgesegling og (bølge-)surfing utvikla seg frå denne aktiviteten.

Bølgesegling/vindsurfing krev brytande bølger mot land. Til meir erfaring ein har, til større krav stiller ein til forholda, og dei beste forholda er helst på vinteren. Dette har dei erfarne og kravstore tilpassa seg.

Rytmen er oftast at ein er utpå halv-annan til to timar, og så tek ein pause eit par timar.



**Figur 3.4** To brettseglarar innafor moloen i Tjørvebukta, 6. april 2013




**Figur 3.5.** GPS-ruta for dei same to brettseglarane (båe med trackstick), den same dagen 6. april 2013. Dei gjekk ut frå «Bispen» inst i Tjørvebukta, og av og til ut gjennom opninga i moloen og segla utanfor ei stund. Vi ser at det er eit ganske høgt presisjonsnivå på GPS-registreringa, i høve til satellitt-fotoet (sjølv om det ser ut som at dei segla i moloen; det gjorde dei altså ikkje). Sjå også bilete på framsida av rapporten.





**Figur 3.6** Bølgjeseglar på brytande bølgjer, Pisserenna 19. april 2013.



**Figur 3.7** GPS-ruta og mønsteret for den same bølgjeseglaren den 19. april 2013 (sjå førre figur, bilete på framsida av rapporten, og figur 4.6)

### 3.3 Surfing

'Surfing' vil altså seie bølgesurfing. Dette er sjølve ur-aktiviteten på brett, uansett underlag. Basisutstyret er våtdrakt og brett. Og surfe-aktiviteten på Lista utvikla seg som sagt frå brettsegling/vindsurfing/bølgesegling – når bølgeforlda var gode.

Dette er den «særaste» aktiviteten når det gjeld å stille spisse krav til forholda. Idealet er lite vind (ev. frålandsvind) og store brytande bølger, og helst slike som har bygt seg opp med stabil vind frå éin kant over lang tid, og gjerne langt ute i havet. Då vil dei gode bølgeforlda vare lenger. Er bølgene forårsaka av «nær-vind» så gjev dei seg fort når vinden stoppar. Dei beste bølgeforlda er oftast på hausten og vinteren med lågtrykk og vind frå vest/nordvest – i alle fall for dei vidarekomne.

Som ein av informantane sa det: Storbritannia ligg i vegen for dei verkeleg gode havbølgjene langs den sørnorske kysten; «*Lista kan aldri bli som Hawaii*».

På Lista er det få surfarar, men kjem ein til Jæren er det ei stor gruppe. Langseth (2012) skriv at – basert på hans informantar – er det mellom 1000 og 1500 surfarar der. I arbeidet sitt søkte han dei ivrigaste og gjerne dyktigaste surfarane, og då vart feltarbeidet om vinteren. Studien hans av surfarane inngår i ei avhandling om spenningssøking og risikosport. Og kanskje er dette også den vassbaserte brettaktiviteten med det tydelegaste indre «hierarkiet». For innafor surfekulturen finst det ein vidarekomen elite som har opparbeidd seg ein høg posisjon i miljøet og ein (første-)rett til den gode bølga. Langseth (op cit.) nemner fire former for såkalla *symbolisk kapital* ved denne identiteten: At ein er ein dyktig surfar, at ein har den subkulturelle kunnskapen, eit stort engasjement (meir livsstil enn hobby) og helst ei lokal tilknytning. Her er det ikkje berre å melde seg inn, men gjennom å bygge seg opp i miljøet, vise fram «kapitalen» sin og få den stadfesta av dei som alt er innafor, så kan ein bygge og utvikle seg til ein posisjon i det lukka miljøet.




## 4 Kva er «gode forhold» for ulike brettsport?

Dei ulike brett-aktivitetane stiller dels ulike krav til ein god lokalitet. Generelt sett er brettsport ei samling med «sære» aktivitetar, særleg den delen som er avhengig av gode bølger. Konsekvensen er at det er ganske få gode brett-dagar for kvar av aktivitetane. Det er snakk om eit samspel mellom naturgjevne forhold i strandsona, botnforhold, vindretning, vindstyrke, temperatur og bølgetype. I tillegg er det ulike idealforhold for ein nybyrjar og ein erfaren – både i høve til tryggleik og den gode opplevinga. Og så må sjølvstøtt utøvaren (og helst ein partnar) ha sjans til å besøke Lista den dagen det er gode forhold (ha fri, eller ta fri), for det er svært få aktive frå sjølve Lista/Farsund. Ein bølgekitar vil vere avhengig av at det er minst to ilag.

Ver-, vind- og bølgevarsel er avgjerande hjelpemiddel i planlegginga av ein tur. Alle informantar trekte spesielt fram nett-sida «Windguru», som er ei spesialteneste for brettfolk m.fl. over heile verda, utvikla av ein tsjekkar. Alle fem hadde gode erfaringar med denne sida, sjølv om Windguru sjølv kunngjer at «the forecasts ... are definitely not official forecasts. Windguru was developed in order to help people in forecasting...»

*WindGURU is a service specialized for forecasting weather, mostly for windsurfers and kitesurfers (but not only...). Forecasts are based on data produced by weather forecast models. Windguru is able to provide forecast for **any place on planet Earth**. The main reason to create this site was the idea to get the forecasts quickly and easily without wild clicking the mouse while searching for meteomaps throughout the internet*  
([http://www.windguru.cz/int/help\\_index.php?sec=intro](http://www.windguru.cz/int/help_index.php?sec=intro))

Norway - Lista (wave: NWW3 27.8. 2013 06 UTC)																									<a href="#">[Options]</a>	
Forecast		2D	<a href="#">Map</a>	<a href="#">Webcams</a>	<a href="#">Wind reports</a>	<a href="#">Accommodation</a>						<a href="#">Schools/Rentals</a>			<a href="#">Shops</a>	<a href="#">Other...</a>										
<a href="#">GFS</a>	Tu	Tu	Tu	Tu	Tu	We	We	We	We	We	We	Th	Th	Th	Th	Th	Th	Fr	Fr	Fr	Fr	Fr	Fr	Sa		
27.08.2013 06 UTC	27.	27.	27.	27.	27.	28.	28.	28.	28.	28.	28.	29.	29.	29.	29.	29.	29.	30.	30.	30.	30.	30.	30.	31.		
	08h	11h	14h	17h	20h	05h	08h	11h	14h	17h	20h	05h	08h	11h	14h	17h	20h	05h	08h	11h	14h	17h	20h	05h		
Wind speed <a href="#">(m/s)</a>	2	2	3	4	4	6	7	9	10	11	10	7	6	4	5	6	5	4	3	4	5	6	6	10		
Wind gusts <a href="#">(m/s)</a>	2	2	4	4	5	7	9	10	11	13	12	9	7	5	7	7	7	5	4	4	6	7	7	12		
Wind direction	←	↖	↗	↗	→	→	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	→	↗	↗	→	→	→	↗	↗	→	↘			
Wave <a href="#">(m)</a>	0.3	0.3	0.3	0.4	0.4	0.6	0.8	1.1	1.3	1.5	1.5	1	0.8	0.7	0.7	0.8	1	1.1	1	0.9	0.9	0.9	1	1.7		
Wave period (s)	11	11	10	10	10	9	4	5	5	5	5	10	10	10	10	5	6	6	6	5	5	5	5	6		
Wave direction	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	↘	→	→	→	→	→	→	→	→	→		
*Temperature <a href="#">(°C)</a>	16	17	17	17	16	15	15	15	16	16	14	13	14	15	16	16	16	15	16	16	17	16	16	13		
Cloud cover (%)	-	63	36	46	58	56	38	42	42	40	63	68	65	68	35			78	85	27	13		14	36		
high / mid / low	-											57	50	40	25	46	23		12	8						
*Precip. (mm/3h)	-					12	24								30	79	73	71	67	12	5		25	30		
																		0.3	0.6							
Windguru rating						★	★	★	★	★	★	★	★	★			★				★	★	★	★		

**Figur 4.1** Utsnitt frå den opne versjonen av WindGURU, for lokaliteten Norway Lista (<http://www.windguru.cz/int/>). Her ser vi særleg god «rating» for onsdag 28. august 2013 og særleg klokka 14 og kl 17 (=trestjerner), med vind frå nordvest (10-11 m/s) og bølgehøgde på 1,3-1,5 m.

På Windguru kan kvar og ein legge inn / abonnere på varsel for «sin» lokalitet. Kvar og ein må sjølvstøtt tolke verdiane og korleis dei sannsynlegvis vil gje seg utslag i forholda på den aktuelle lokaliteten og for sitt utstyr.

Etter vinteren 2013 var kald og med mykje austavind, dvs. svært dårlege / ubrukelege forhold for all brettaktivitet på Lista. Dette betra seg noko i april, som også var grunnen til at fekk gjennomført feltarbeidet då.

## 4.1 Kiting

Kitarane har nok Kviljo, og særleg buktene på kvar side av Kviljo-odden som sine favorittområde. Men sjølve Kviljo-odden med nærområde har brettforbod, medan bukta austafør odden, mot Havika ikkje har forbod. Grensa for forbodssona er rett nok ikkje merkt i strandsona eller i sjøen og gjer det slik sett litt vanskeleg for utøvaren å skilje lovleg frå ulovleg sone. Dessutan er dette aktuelle kiteområdet litt langt frå den næraste parkeringa innafor Havika, utan at vår kitar gjorde noko stort poeng av det. I teorien er det også eit par andre parkerings- og tilkomstveggar til Kviljo-Havika området, men med uavklarte forhold i høve grunneigarane, og desse er difor ikkje i bruk. Truleg ville også Bausje funke for kiting, men lokaliteten er ikkje utprøvd for kiting sidan forbodet kom før kiting etablerte seg som ein aktivitet.

«Vår» kitar brukte også Tjørvebukta, forbi vi bad han om det, i høve observasjon av kitar - fugleåtferd. *«Eg ville aldri ha kita her inne på Bispen (i Tjørvebukta), om det ikkje var for dette forsøket. Her er alt for trengt, og dermed utrygt».*

Hopping og triksing med kite skjer helst på flatt vatn; det er kitaren sjølv som kontrollert utfører hoppa ved måten han utnyttar utstyret sitt.

Som nemnt er det eit viktig poeng at kitarar oftast skifter mellom kiting på sjøen og kiting på snø. Difor er kiting om vinteren i hovudsak ein ski- og fjellaktivitet, men ofte med dei same utøvarane som på sjøen; sjå også Fossgård (2011).



**Figur 4.2** Turgåarar på Kviljo-odden.

## 4.2 Brettsegling

«*Er det risikabelt å baute på innsida av moloen i Tjørvebukta? Nei då, det går heilt fint; vi treng liten plass*». Dette illustrerer litt av skilnaden mellom kiting og brettsegling (jfr. sitatet over).

Brettsegling vil normalt krevje litt meir vind enn kiting, kanskje opp mot 8 m/s (meiner kiteinformanten). Og brettseglaren melder det same: «*Vi er avhengig av 7-8 sekundmeter vind*». Men ein regulerer naturleg nok effekten av vinden med storleiken på seglet og på brettet: Moderat med vind kan kompenseras med høgare mast, større segl og større brett.

Det er mange stader det går an å segle, «*men det er få stader det er så bra å segle som på Lista*», med unntak av Jæren (i Sør-Noreg). T.d. er Flekkerøya ved Kristiansand rekna som ein bra plass, «*men er på langt nær så vindsikkert som her på Lista. Vi må gjerne stole på solgangsbrisen ...*», altså vinden mot land, gjerne utpå dagen på varme soldagar. Men då er det snakk om relativt flatt vatn og fristil-segling. Bausje er den klassiske lokaliteten før brettsegling på Lista, men der det i dag er forbod om brettaktivitet. Det er ei skjerma bukt med lang sandstrand og god plass, og gode vindforhold frå fleire retningar. Bausje har oftast ganske flatt vatn, men ikkje så flatt som i Tjørvebukta.



**Figur 4.3** Nordhasselvika med Bausje, sett frå aust.

Dei (meir erfarne) som vil ha bølger, er vanskelegare å tilfredsstille. Krava til ein bølgeseglar er ganske lik krava til ein bølgekitar. Men ein bølgeseglar vil kanskje føretrekke noko brattare og krappare bølger enn ein bølgekitar, og dessutan er frekvensen mellom bølgjene viktig. Det optimale er at bølgjene bryt på tvers av vindretninga.





**Figur 4.4** Litlerauna, med Bua, i Nordhasselvika.



**Figur 4.5** Pisserenna/Grettestø med brytande bølger, sett frå moloen.



**Figur 4.6** Bølgjeseclar, Pisserenna 19. april 2013.

### 4.3 Surfing

For dei vidarekomne er det i dag berre éin god lokalitet for surfing, nemleg Grettestø/Pisserenna. Det har også hendt at det er gode surfeforhold utanfor Tjørveneset, men svært sjeldan. For dei som prøvar å lære seg aktiviteten er Havika ein relativt trygg og «småskala» lokalitet med mindre ekstreme forhold. Bua/Litlerauna har nesten aldri gode nok bølger for surfing, men kan derimot vere ypparleg for bølgjesecling og for bølgjekiting.



## 5 Brettsport på Lista – kuriøst fenomen eller sannsynleg masseinvasjon?

### 5.1 Før og i dag?

Det var på 1980- og 90-talet at Lista fekk ein posisjon i brettmiljøet, og fyrst og fremst blant brettseglarar. Og den viktige lokaliteten var Bausje – lett tilgjengeleg frå veg og elles attraktiv og veleigna.

Den gongen var det av og til «mange» brettseglarar samtidig på Lista, men det var i samband med regattaer (fristil-segling) og då lagt til Bausje eller Kviljo (fordi det var lovleg, eller ein hadde fått dispensasjon). Elles har det aldri vore mange på Lista, ifølgje våre informantar. Men Bausje var så attraktivt på den tid at kommunen hadde sett av Bausje til turistformål, med planar om eit fylkesanlegg for brettsegling (Benestad & Vikøyr 1995). Dette vart ikkje realisert.

Det er ikkje mykje dokumentasjon på norsk brettaktivitet på sjøen, og det som er gjort av faglege arbeid er retta mot surfing, altså bølgesurfing, på Jæren (Løland 2013; Langseth 2012). I begge arbeida blir det slått fast at «*surfing har økt enormt i popularitet de siste årene*» (sitat frå Langseth 2012, side 63). Det er også langt fleire lokalitetar med gode brettforhold langs Jærestrendene og eit langt større omland og tettfolka nærmiljø med Stavanger, Sandnes og heile Jær-området. Om ein søker på nettet etter gode surfelokalitetar så er ikkje Lista ofte nemnt. Ei helg i slutten av august 2013 fekk oppslag og film utlagt på nettet. Då var det rundt 20 vindsurfarar i Pisserenna, «*de fleste fra Østlandet*», og med overskrifta «*Hawaii-forhold på Lista*». (<http://www.lister24.no/nyheter/N-Farsund/Hawaii-forhold-pa-Lista-82911.html>).

### 5.2 Kvifor Lista?

For den som driv med brettssport; kva er det som særpregar Lista? Jau, det er først og fremst bølgiene, men også strendene og landskapet innafor. For å finne andre bøljelokalitetar (på Aust-/Sørlandet) som kan gje noko tilsvarende som Lista så må ein til Mølen/Saltstein (på grensa mellom Vestfold og Telemark) eller til Jæren (og som kitaren seier: «*Det er endå betre på Jæren enn her, så difor kjem ingen frå Jæren hit for å surfe/segle/kite*»). Sjølv om gode bølger er særpreget, så er det viktig å hugse at gode vindforhold på Lista er langt vanlegare enn gode bølgefôrhold.

«*Når det er meldt nord-vest kuling så er det ikkje noko anna enn Lista. Totalopplevinga er einestående. Naturen, havet og alt*» (brettsegler frå Søgne), og vidare: «*Ein strekkjer seg langt for ein god dag på Lista*».

Men ein annan informant poengterer: «*Ein kan tru i Kristiansand at det er gode forhold på Lista, men kanskje er det ikkje det... På Jæren er det mykje lettare å finne ein plass med gode forhold; mange fleire moglegheiter og mange fleire som driv aktivt der*».

Det er inga spesiell tilrettelegging for vassport på Lista, men brukarane har tilpassa seg forholda. Den gong det var lov å bruke Bausje så var det svært enkelt å kome til, med parkering, toalett, sjøen tett på og fin strand.

I dag er det først og fremst to lett tilgjengelege, delvis attraktive og lovlege lokalitetar: Grettestø/Pisserenna (for surfing og bylgjesegling), og Bispen/Tjørvebukta (for vindsegling – fristil); Pisserenna er lett tilgjengeleg, men utfordrande, og berre for dei erfarne; Bispen er «snill» og eit praktisk utgangspunkt, men både Bispen og Tjørvebukta har ganske liten kapasitet og er berre for brettsegling (fristil, race).

Ved Kviljo-odden er det forbode med brettaktivitet, men austanfor odden (mot Havika) er det lov. Grensa mellom ulovleg/lovleg område er ikkje markert i strandkanten eller på sjøen, noko som gjer det litt vanskeleg å vite når ein «går over grensa».

### 5.3 Lista-favorittar for dei ulike aktivitetane – ei oppsummering

Om ein **ser bort frå vernereglane** for verneområda, så har dei ulike aktivitetane dels ulike (favoritt-)lokalitetar på Lista, fyrst og fremst fordi kvar aktivitet stiller ulike krav til naturgjevne forhold, men også fordi det er litt ulike behov for å kome tett på lokaliteten pga. av mengda og tyngda på utstyret. Når eg her presenterer gode lokalitetar for ulike aktivitetar, så gjeld sjølv sagt den føresetnaden at dette berre er gode lokalitetar når det er rett type vind (styrke og retning) og rett type bølger (høgde, frekvens og retning), slik kvar aktivitet har behov for.

Temaet i denne rapporten er særpreget ved ein del «sære» aktivitetar. Det er altså ikkje utøvarane som er sære, men dei forholda som skal vere på plass for at utøvarane skal kunna drive med aktivitetane sine under gode forhold. Dette poenget er det viktig å få fram, fordi det understrekar kor vanskeleg det er å peike ut alternative aktivitetsområde – på Lista. For bølgesegling er det ev. Jæren neste...

#### Surfing:

Poenget er gode bølger. For dei erfarne/kravstore er fyrstevalet Grettestø/Pisserenna, som også er like ved veg og parkering. Ein sjeldan gong kan det også vere gode forhold utanfor Tjørveneset (tyngre tilgjengeleg). Dei mindre erfarne / nybyrjarar kan også finne gode (= mindre «tøffe») forhold ved Havika og Lille Havika, der det også er strender for bading og strandliv. For dei mindre erfarne er gjerne dette tilstrekkeleg, og der er langt trivelegare med sandstrand enn med rullesteinsstrand, og med «*bylgjer til å leike seg i*». Området ved Bua/Litlerauna (dvs. ytst ved pynten der bølgjene bryt) kan også ha gode forhold, men er meir eigna for bølgesegling.

#### Bølgesegling/vindsurfing:

Desse stiller liknande krav som surfarane, men i tillegg til bølgjene treng dei også vinden, og helst på tvers av bølgeretninga. Delvis kan vinden «kompensere» om ikkje bølgjene er «perfekte». Grettestø/Pisserenna er ein god lokalitet også for bølgesegling, med vind frå nord-vest og bølger frå vest. Utanfor Bua/Litlerauna kan vere ein svært god lokalitet for vidarekomne bretteglarar, når bølgjene kjem får sør-vest og vinden frå vest-nordvest. Denne lokaliteten er ganske lett tilgjengeleg, men med noko uavklart køyre-, parkerings- og riggeforhold (privat grunn). Også Bausje/Nordhasselvika kan ha ganske gode forhold om ein kjem lengre ut, men det er «mildare» forhold inn mot Bausjestranda. Slik sett kan dette vere ein kombi-lokalitet for fristil- og bølgesegling. Det er berre vinterstormar som gjev bølger i Bausjebukta. Ved Havika kan det vere gode forhold når bølgjene kjem frå sør og vinden frå aust.

#### Fristil-/race-/vindsegling:

Bausje er den klassiske lokaliteten for fristil-/racesegling på Lista, slik det også er omtalt i den gamle forvaltningsplanen (Benestad & Vikøyr 1995: 86): «*Bausje er på Norgestoppen og internasjonalt kjent som brettseilingsarena*». Tjørvebukta/Bispen vil ha mest stabile forhold, med flatt hav innafor moloen, sjølv ved god vind (helst kuling). Men dette er altså eit «trengt basseng» med hamn og småbåtfersel. Bausje har ei langt meir attraktiv landskapsramme og er minst like lettilgjengeleg (offentleg friluftsområde), men vil oftast ha meir uroleg hav/bølger. Bausje er likevel rekna som best, og Kviljo/Havika nest-best med tanke på vindforhold.

#### Bølgjekiting:

Generelt sett: Liknande krav som bølgesegling, men krev meir plass til å legge ut liner og som bufferområde for tryggleiken. Dessutan vil bølgekitarane har meir stabil vind, og bølgeseglarene toler meir vind enn bølgekitarane. Ved Bua/Litlerauna kan det vere topp forhold på dagar med store nok bølger frå vest (som for bølgesegling). Når det er bølger på / utanfor Bausje så

er truleg også dette eit ypparleg kite-område, i tillegg til at det er både lett tilgjengeleg, triveleg og ikkje minst trygt pga. av sandstranda og god plass. Ved Bausje har ein ikkje prøvd ut kiting, sidan forbodet kom før kite-aktiviteten hadde kome til Lista.

### **Fristilkiting:**

Den beste lokaliteten er truleg på austsida av Kviljo-odden – mot Havika – med vind frå vest og syd-vest. Der er sjansen best for kombinasjonen god vind og relativt flat sjø. Bispen/Tjørvebukta kan ha perfekte vind- og sjøforhold, men der er det for trangt og utrygt for kiting pga. moloen og rullestein. Bausje har ein tendens til å ha for mykje småbølger og er difor ikkje så veleigna.

## **5.4 Potensiale for stor bruk?**

**Nokre faktorar bør tale for auka brettaktivitet** på Lista, dersom visse forbodsvedtak blir oppheva eller lempa på, og særleg om det blir kombinert med aktiv tilrettelegging og avklart balansering med andre samfunnsinteresser:

1. Lista vil alltid vere attraktiv for strand- og brettbruk, også for dei mindre erfarne (fristilaktivitetar). Sjølv om hovudkvaliteten og særpreget er bølgerne, så er desse for relativt få spesialistar. Det er vinden som trekkjer mest folk, og Bausje, Kviljo og Havika kan ha segleforhold ved fleire vindretningar, og dette er særleg attraktive område for brettseglarane, gjerne ved ganske flatt vatn. Dei som berre vil «prøve litt brettsegling» i samband med strandbesøk/feriering på Lista er også mindre avhengig av optimale segleforhold, og dermed kan fleire sommardagar vere brett dagar. Det er altså særleg kombinasjonen sommarferie, varme, pålandsvind og med eventuelle lovlege seglehøve i (særleg) Bausjebukta og ev. på Kviljo som kan gje meir bruksvolum (som sagt: «*Ein strekkjer seg langt for ein god dag på Lista*»).
2. Det bør vere eit større besøkspotensiale til Lista dersom Farsund kommune lykkast med å utvikle t.d. ein fleirbruksplan for området, og som inkluderer eit breitt reiselivskonsept bygd på alle sine natur- og kulturhistoriske kvalitetar, kombinert med tilrettelagte høve for naturaktivitetar som kan sameinast med verne- og jordbruksinteressene.
3. Tjørvebukta/Bispen er dels veldig godt eigna for brettsegling (fristil), men dette er ei moloavgrensa lita bukt, og med berre eit lite område ved Bispen (sjå **figur 5.1**) for parkering, rigging og ut-/inngang. Her (og generelt ved Tjørvebukta) er det ikkje spesielt tilrettelagt, men betre tilrettelegging vil gjere aktiviteten og lokaliteten meir attraktiv, men området er lite – reint geografisk – og med andre bruks- og lokalsamfunnsinteresser både tett på og dels på den same vassflata (småbåttrafikk, fiskebåtar). Dessutan er her berre segleforhold med vind frå nordvest, og sjølve bukta gjev lite med naturoppleving samanlikna med Listastrendene elles.

Det er også **faktorar som talar imot ein stor auke i brettaktiviteten** på Lista framover, sjølv om Lista har ein posisjon som «eldorado» i brett- og surfemiljøet, og sjølv om forbodet mot brettbruk skulle bli lempa på:

1. Naturverninteressene dominerer heile strandsona langs Lista og legg klare premiss for kva rom det skal bli for t.d. kiting og brettsegling (og dels surfing). Kor stor er viljen (og kunnskapsgrunnlaget) til å vurdere handlingsrommet for brettbruk som let seg sameine med vernet?
2. Når det gjeld vassbasert brettssport så er det bølgerne som er Listas særpreg, og bølgerne er for dei vidarekomne. («*For å kite på flatt hav (fristil) så brukar eg heller Kristiansandsområdet; det er mykje nærare. Det er for å få bølgerne ein må til Lista, eller vidare til Jæren*»). Sjølv om bølgerne er særpreget så er det som sagt vinden som vil trekkje mest folk, men reiseavstanden er stor for dei fleste. Dei erfarne og vidarekomne som søker bølgerne er ganske få, også landet sett under eitt.
3. Dei beste bølgefôrholda er i samband med lågtrykka, særleg om hausten, men også om vinteren. Våren er normalt ein dårlegare sesong. Vintersurfing er for dei få spesielt interesserte og vidarekomne.



4. Sjølv om Lista er eit vindfullt område, så er det få dagar i året med gode vind- og bølgeforhold for bølgesegling og surfing, kombinert med akseptabel temperatur og med at utøvaren har fri eller kan ta seg fri for å kite/segle/surfe på bølgene. Det er fleire dagar med fine vindforhold (og små bølger) for fristil og slalåm/racing.
5. Dei beste bølgeforholda for å surfe og dels for å bølgesegle er på Grettestø /Pisserenna, og der er det fullt lovleg å surfe også i dag. Denne lokaliteten ligg inntil moloen vest for Tjørvebukta og her går sjøen rett over i rullesteinstrand, men med ei lita bukt for å gå ut og inn. Dette vil alltid vere ein lokalitet for dei vidarekomne, og det vil alltid vere ein risiko knytt til molo og store steinar, kombinert med store bølger og ev sterk vind eller plutselig bortfall av vind (*«...fleire som har blitt smurt oppover veggader»*).
6. Lista ligg ganske langt frå tette busetjingar; dei næraste er Kristiansand- og Jæren/Stavanger-området (både om lag 2 timars køyring unna). Rundt Kristiansand er det fleire gode lokalitetar for fristil-kiting og fristil-segling, som er lettare tilgjengeleg enn Lista. Og Jærområdet er sjølvforsynt med gode forhold, både med og utan bølger, langs Jærestrendene (*«...ingen frå Jæren som kjem hit»*).



**Figur 5.1** Bispen ved Tjørvebukta



**Figur 5.2** Rigging for brettsegling ved Bispen, Tjørvebukta



## 6 Samordning med fuglevern og andre interesser – går det?

Av Odd Inge Vistad & Arne Follestad

### 6.1 Uroing av fugl

Follestad (2012) har summert kunnskapsstatus når det gjeld uroing av fugl frå ulike menneskelege aktivitetar. Det er ganske lite som er gjort på nettopp effektar på fugl frå dei vassportaktivitetar det er snakk om her. Dette har delvis samanheng med at det er metodisk vanskeleg å studere, særleg når det gjeld å dokumentere effektar på populasjonsnivå, altså på *bestandar* av ulike fugleartar. Dessutan er det sum-effektane av ulik uroing som er det viktige, noko som er endå meir komplisert å kartlegge. Ulike artar har ulik toleranse for folk og ulike former for påverknad/uroing, og dei fleste artar er meir sårbare til visse tider av året (hekking, myting, trekk) og av døgnet (næringssøk, kvile). Ein må difor sjå den enkelte studielokaliteten (her: fuglefredingsområda) og uroingskjelda/inngrepet/påverknaden i samanheng med eit langt større område og i eit lenger tidsperspektiv for å kunna vurdere kva som er *unødig uroing* eller ikkje, for kvar enkelt fugleart.

Heile dette resonnementet er basert på ei økologisk og ikkje ei individ- eller dyre-etisk tilnærming. I det økologiske perspektivet er det ikkje uroinga i seg sjølv som er problemet, men den eventuelle skaden som uroing/påverknad/inngrep kan påføre bestanden i form av t.d. redusert overleving eller reproduksjon. I eit dyre-etisk perspektiv kunne ein hevde at all uroing av fugl er uakseptabel, men det er ikkje dette prinsippet som gjeld i norsk naturforvaltning eller i høve til *the wise use-concept* i Ramsar-konvensjonen (sjå kapittel 6.1.2). Viltlova slår fast (§ 1) at det er sikring av «*naturens produktivitet og artsrikdom*» som er formålet, i tillegg til at viltet og deira leveområde skal forvaltast i samsvar med Naturmangfaldlova, som seier:

- § 1: «*...biologiske ... mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern...*»
- § 6: «*Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.*»

#### 6.1.1 Eksemplet Saltstein, Mølen fuglefredingsområde

Her vil vi vise noko av handlingsrommet som forvaltninga (her: Fylkesmannen i Vest-Agder) **kan** ha, ved å vise til eit område i Vestfold som har liknande utfordringar som Lista. Hausten 2013 la Fylkesmannen i Vestfold (2013) fram eit høyringsutkast til Forvaltningsplan for Mølen fuglefredningsområde. Området vart freda ved kgl.res. i 1981. Fredingsområdet omfattar eitt av dei mest attraktive surfe- og brettseglingsområda langs den sør-norske kysten, Saltsteinområdet (sjå heimesida til Saltstein Surfklubb (SSK), [www.saltsteinsurfklubb.no](http://www.saltsteinsurfklubb.no)). «*De nærmeste stedene med tilsvarende kombinasjon av fri vind og brytende bølger er Lista og Varberg i Sverige*» (Fylkesmannen i Vestfold 2013: 16). Her har det vore forbod mot brettaktivitetar av om-syn til fugleinteressene. I planutkastet går no fylkesmannen inn for å gje løyve til surfing og brettsegling på bølgene på to utpeika lokalitetar, fordi ein ikkje lenger kategoriserer dette som «*unødige forstyrrelser*». Det springane punktet i høve til verneformålet og verneforskrifta er nettopp å unngå det som må reknast som «*unødige forstyrrelser*». Resonnementet er langt på veg basert på dei faglege vurderingane til Follestad (2012), og tilpassa lokal kunnskap om ulike fugleartars bruk av ulike lokalitetar i fuglefredingsområdet gjennom året og under ulike vêrforhold.

Planutkastet går gjennom lokale «*Påvirkninger og trusler*» og brukarinteressene på Mølen i vid forstand. På land er det kyststi, mange umerka stiar, mykje turgåing (med og utan hund), fuglekikking, store geofaglege (Raet) og kulturminne-kvalitetar; i seinare tid er det etablert ein Geopark på Mølen som har gjeve auka besøkstal til området. I sjøen er det fritidsfiske, næringstrafikk (skipsleia) og bruk av fritidsbåtar, vasski og altså surfing og brettsegling. I det store og heile er det mykje dei same interessene som er til stades her som på Lista.

Behovet for omsyn til fugl på Mølen (dvs. fråvere av «*unødige forstyrrelser*») er særleg knytt til trekk-, myte- og hekketida, men ein peikar på at fuglars reaksjon på ulike former for bruk og uroing varierer frå art til art. På Mølen reknar ein omsynet til mytande andefugl (slutten av juni og juli) og trekkfugl (matsøk på strendene frå mars til utgangen av mai, og frå august og ut september) som særleg viktig. Med referanse til Follestad (2012) påpeikar planutkastet at dykkender gjerne søker til rolegare farvatn i ly for uver og bølger, når vikar med le og skjerma lokalitetar finst. Her grip altså planutkastet fatt i at det som er gode forhold og lokalitetar for surfing og vindsegling (vindeksponeering og bølger) kan vere dårlege forhold for fuglen, føresett at fuglen då får vere i fred på andre skjerma lokalitetar. Gjennom lokal tilpassing og dialog med surfarane har ein så foreslått to kartavgrensa lokalitetar med høve til surfing/vindsurfing, og med tilhøyrande krav til kvar utøvarane skal/ikkje skal gå ut i sjøen med bretta sine for å unngå «*unødig forstyrrelse*».

Det er grunn til ytterlegare å vise til planutkastet for Mølen, sidan det viser noko av handlingsrommet og kor viktig sjølve forvaltningsplanen er. Slik vil det også vere for ev. endringar på Lista. På side 5-6 står det: «*Forvaltningsplanen skal bidra til å opprettholde og fremme verneformålet. Den skal sikre enhetlig forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer for bruk, informasjon, skjøtsel og tilrettelegging. Planen skal forebygge tilfeldige avgjørelser som kan være uheldige for verneverdiene. Under arbeidet med planen blir det tatt stilling til hvordan ulike verne- og brukerinteresser skal behandles. Slik skal planen bidra både til mer forutsigbar forvaltning, og til at eventuelle konflikter dempes. Verneforskriften gir rammen for forvaltningsplanen. Det kan ikke gis føringer i planen som er i strid med verneforskriften. Verneforskriften gir rom for skjønn. I denne planen gis noen retningslinjer for skjønn under tilsyn og for skjøtsel. Retningslinjer er tolkninger av vernebestemmelsene i lys av verneformålet. De er ikke juridisk bindende.*»

Planutkastet seier at ein forvaltningsplan som regel presenterer **bevaringsmål** i høve til vernemålet for området, her «*livsgrunnlaget for vannfugl*» (side 6), altså om lag som for Lista-strendene. Men pga. av kunnskapsmangel seier Fylkesmannen i Vestfold om Mølen: «*Foreløpig har vi ikke realistiske og målbare størrelser som egner seg til å vurdere om bevaringsmål for et verneområde, med tanke på fuglebestander, er nådd. I denne planen nøyer vi oss med å bruke **forvaltningsmål**. Det er ikke gitt krav til hvordan forvaltningsmålene skal være. Her bruker vi disse målene for å vise sammenhengen fra det overordnede målet om å opprettholde eller styrke sårbare populasjoner av vannfugl, fram til konkrete tiltak*».

Under kapittel 4 Forvaltning (s. 20) går utkastet til forvaltningsplan for Mølen meir i detalj om desse forvaltningsmåla og verkemidla ein rår over:

«*Verneforskriften og verneområdets grenser gir ikke anledning til å gi nye forbud eller påbud om atferd i området. Rettigheter til brygger, båtfester, fiskerettigheter og andre rettigheter som gjelder strendene skal bestå, men innehaverne skal ta hensyn til fuglene når de bruker rettighetene. **Virkemidlene blir dermed informasjon om fuglenes bruk av området og fysiske tiltak, etter avtale med eierne, for å skjerme og å lede ferdselen slik at folks bruk av området forstyrrer fuglene minst mulig***» (vår utheving).

På denne bakgrunnen presenterer ein så sju tilpassa forvaltningsmål:

«*1 Formidle kunnskap om fuglenes bruk av områdene for å redusere de negative effektene på bestandene, særlig for sårbare arter.*

- 2 *Friluftsliv, sport og fiske bør forstyrre fuglene minst mulig.*
- 3 *Alle besøkende skal kunne få informasjon om fuglene og bedre tilrettelegging skal lede gjester fram til gode utsiktspunkter uten at fuglene skremmes*
- 4 *Omfanget av søppel skal holdes lavt, med størst vekt på ting som kan skade fugl.*
- 5 *Antall individer av fremmede arter som hemmer stedlige arter, eksempelvis mink, skal søkes redusert.*
- 6 *Kunnskapen om fysiske og biologiske forhold i sjøen bør styrkes.*
- 7 *Når hyttene på Fugløya og Fugløyrogn kommer på salg, bør de kjøpes for å rives for å unngå forstyrrelsene sentralt i området. Muligheten for tilbud om erstatningstomter klarlegges».*

Grunnen til at vi legg så stor vekt på forvaltningsmåla er at dei legg overordna føringar for sjølve gjennomføringa av forvaltningsplanen. Og det er her vi har nokre kritiske merknader og eit forslag: Dei fire første av i alt sju forvaltningsmål rettar seg mot bruken og brukarane, og gjeld ikkje tiltak «i/på» sjølve naturen. Dette er godt grunngjeve, og det er jo slik at naturforvaltning i stor grad dreiar seg om å forvalte menneske og bruk, meir enn sjølve naturen. Det som er synd (og ganske typisk i forvaltninga av norske verneområde) er at ein ikkje tar fullt inn over seg at Mølen (som svært mange andre verneområde) er eit fleirbruksområde, sjølv om ein her faktisk gjev brukarinteressene meir merksemd enn det som er vanleg. Verneformålet ligg sjølvstøtt fast (verne om fuglelivet), men ein har for Mølen erkjent at ein ikkje vil gå lenger i å avgrense menneskeleg aktivitet i området enn å prøve å unngå «*unødig forstyrrelse*» på fuglelivet, og formålsparagrafen i Naturmangfaldlova (§1) seier jo også at naturen skal gi «grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden». I tilfellet Mølen har ein altså kome særleg vindsurfarar og surfarar i møte, m.a. fordi desse aktivitetane er viktige for ei friluftslivsgruppe som har få alternative område, og fordi det er svært langt til område med tilsvarende kvalitetar. Dette har ein gjort fordi ein meiner å ha såpass kunnskap om både naturen og bruken, og om dei sannsynlege (små) effektar på fuglen av denne brettaktiviteten på dei aktuelle lokalitetane. Ein snakkar også om ein del «*rettigheter som vil bestå*» fordi det er nedfelt i verneforskrifta, og at dei aktuelle tiltaka framover må bli i form av informasjon, kanalisering og tilrettelegging. Her vil vi føye til: For at dette skal kunna bli effektive og aksepterte tiltak (av brukarane) så må dei forankrast i kunnskap om den bruken og dei brukarane som tiltaka rettar seg mot. Og dei aktuelle brukargruppene (utover grunneigarane) må få vere med i tilpassinga av tiltaka.

Kunnskap om naturbruk og brukarar på lokalt nivå er svært så mangelfull i Noreg, både i og utanfor verneområde. Ein har ofte kjennskap til kva type aktivitetar det er snakk om, kvar bruken skjer og kanskje fordeling over året, men sjeldan slik at ein kan kalle det registrert og dokumentert kunnskap. Å få kunnskap om dei som forvaltningstiltaka rettar seg mot må vere essensielt, på line med at ein treng meir kunnskap om fuglen og naturkvalitetane ein skal verne om.

Vi kunne difor foreslå å utvide forvaltningsmål 6:

*Kunnskapen om fysiske, biologiske og sosiale forhold bør styrkes, som grunnlag for å effektivisere forvaltningen, unngå unødige konflikter og kunne i møtekomme den bruken som lar seg kombinere med verneformålet.*

Kajala et al. (2007) har laga ein manual for nordiske forhold om korleis ein byggjer kunnskap om bruk og brukarar av naturområde, etter to hovudprinsipp: telje/kartfeste og spørje. Sjå også Gundersen et al. (2012a) og Vistad et al (2007) om korleis ein skaffar data om ferdsel i verneområde.

### 6.1.2 Fugleinteressene og forvaltningsutfordringar på Lista

Fugleinteressene er ikkje mindre på Lista enn på Mølen, heller tvert imot. Det at fleire delområde langs Listastrendene vart gjeve status som såkalla Ramsar-område i 1996 illustrerer dette

(sjå **figur 1.1**). Nettsida [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no) gjev informasjon om både verneområda og fuglefredinga på Lista: «Lista er et av Norges mest fuglerike områder. Over 400 fuglearter er observert her. Stor variasjon i naturtyper gjør området viktig både som rasteplass, overvintringsområde og hekkeområde».

Når det gjeld ansvaret for forvaltninga i høve til område som er på Ramsar-lista, så heiter det i artikkel 3 i Ramsar-konvensjonen:

*“The Contracting Parties shall formulate and implement their planning so as to **promote the conservation of the wetlands** included in the List, **and as far as possible the wise use of wetlands in their territory**”* (vår utheving).

([http://www.ramsar.org/cda/en/ramsar-home/main/ramsar/1\\_4000\\_0\\_](http://www.ramsar.org/cda/en/ramsar-home/main/ramsar/1_4000_0_))

**The wise use concept** er vidare utdjupa på denne heimesida:

*“At the centre of the Ramsar philosophy is the “wise use” concept. The wise use of wetlands is defined as “the maintenance of their ecological character, achieved through the implementation of ecosystem approaches, within the context of sustainable development”. “Wise use” therefore has at its heart the conservation and sustainable use of wetlands and their resources, for the benefit of humankind”.*

Kompleksiteten på Listastrendene – både når det gjeld dei ulike verneformene (landskapsvern, naturreservat, plante- og dyrefreding), samspillet med Skærgårdsparken Lister og statleg sikra friluftsområde, og dei mange samfunnsinteressene elles i området – gjer utfordringa ekstra stor med å takle «the Ramsar mission» og «the wise use concept». Men for at dette ikkje skal mistolkast: Det er **ingen tvil om verneinteressene er dei overordna** (fugl og vegetasjon) i Ramsar-områda; spørsmål er kva andre interesser det kan gjevast rom for, på visse lokalitetar, og på kva måte, utan at det går utover verneformålet. Innafor det internasjonale naturvernarbeidet (jfr. Ramsar-konvensjonen, og i IUCN - Den internasjonale naturvernunionen) snakkar ein gjerne om ‘det nye paradigmet’ i naturvernarbeidet, der ein også legg vekt på dei sosiale og økonomiske interessene knytt til naturvernarbeidet, så langt verneinteressene gjev rom for det (t.d. McNeely 1995; Wilshusen et al. 2002). Ofte er desse også inkludert blant verneformåla – altså at ein kombinerer økologiske, sosiale og økonomiske verneformål (Gundersen et al. 2012).

For å få til ei god og tilpassa forvaltning av verneområde så må ein erkjenne dei er **sosiale-økologiske system** (SØS, eller SES – *social-ecological systems*) – altså erkjenne at der er ein menneskeleg bruk (omfattande eller marginal), ein brukshistorie, og eit spekter av interessegrupper og aktørar knytt til dette sosiale. Her er ligg også inngangen til å forstå og forvalte områda i høve til kva som gjer dei robuste og sårbare (Anderies et al. 2004; Walker et al. 2002, Gundersen et al. 2012b). Ofte blir ‘*adaptiv forvaltning*’ (på norsk gjerne kalla ‘*målstyrt forvaltning*’) brukt som ei nemning på forvaltning der ein i sterkare grad integrerer vern og bruk<sup>3</sup>. Gundersen et al. (2012b) utdjupar fenomenet ‘målstyrt forvaltning i verneområde’: ein kallar det «en dynamisk styringsprosess som integrerer de to aspektene bruk og vern, og som involverer spekteret av rettmessige interessenter i forvaltningsplanarbeidet» (s. 20).

Eit springande punkt i ei slik forståing og forvaltning er at ein erkjenner at all menneskeleg bruk har ein effekt på naturen, men det er ikkje all effekt på naturen som treng å resultere i strengare forvaltningstiltak. Det er typen og omfanget av effekten, sett i forhold til verneformål og andre prioriterte samfunnsinteresser som avgjer «forvaltningsreaksjonen». Her er det viktig å ha kunnskap om kor robust / sårbart systemet ein forvaltar er (*resilience/vulnerability* – sjå Folke 2006), og kva som er dei viktige endringsmekanismar i dette systemet. Ein treng altså lokal kunnskap – både om det økologiske og det sosiale-kulturelle, og om effekten av ulike forvaltningsmodellar. Ideelt sett bør ein følgje utviklinga i verneområdet over tid, gjennom systematisk overvaking eller monitoring av naturen og av bruken (Gundersen et al. 2012b; Vistad et al.

<sup>3</sup> Også ‘*integrert ressursforvaltning*’ er ei brukt nemning for ei forvaltning der omsynet til akseptabel bruk blir integrert med ressursvernet.

2007); det *adaptive* ligg i at ein er i stand til å setje i verk effektive tiltak der det trengs og når det trengs. Overvakinga skal hjelpe til dette. Den «overordna fagkunnskapen» om naturtypa og kulturlandskapet, samt dokumenterte effektar på ressursane (årsak-verknad) av ulike former for bruk er viktig, men ikkje tilstrekkeleg. For ofte vil lokale forhold påverke både kor sårbar/robuste artar eller system er, korleis ulike bruksformer påverkar under dei aktuelle forholda, og kva som er effektive mottiltak.

Innafor eit større verneområde er det ofte nyttig å identifisere delområde ( gjerne kalla fokusområde) som treng spesiell merksemd – enten pga. særleg viktige naturkvalitetar, viktige bruksinteresser, vanskelege forvaltningsutfordringar, eller gjerne ein kombinasjon av desse. Her hentar vi døme frå forvaltning av villrein (Rondane og Dovrefjell), der Noreg har eit internasjonalt ansvar og der ein truleg har kome lengst i landet med å prøve ut nye samarbeidsformer, brei kunnskapsoppbygging, og forvaltningsinnsats gjennom fokusområde, sjå Gundersen et al (2012b:25) og Strand et al (2013). Dette er også område med store bruks- og samfunnsinteresser (lokalt og nasjonalt) knytt til friluftsliv og reiseliv. «...i en målstyrt prosess, har man nå **identifisert fokusområde og problemstilling** og fremskaffet god dokumentasjon på både bruken av området for villrein og folk, samt mulige konsekvenser for villrein og folk. Det neste spørsmålet er hvordan dette skal behandles videre. Det er på dette tidspunktet verdivalgene må gjøres. Er det akseptabelt at stammen er delt i en nordlig og sørlig stamme i Rondane nasjonalpark? Forskernes oppgaver er å legge frem kunnskapsgrunnlaget, vise effekter og nivå for påvirkning. Forvaltningen må avgjøre om påvirkningen er akseptabel eller ikke. I en målstyrt prosess må man bli enige om **mål og indikatorer**. Målet kan for eksempel være å reetablere trekk mellom stammene i nord og sør, og indikatorer er da påvisning om trekk blir gjennomført eller ikke. Et eksempel på en **standard** i dette tilfelle kan være å etablere minst 5 kryssninger av "barrieren" i løpet av året. De ulike **forvaltningstiltakene** man velger å sette inn for å nå dette målet må også være kunnskapsbaserte og knyttet til data på både villrein og ferdsel».


Poenget med å referere til prosessen og tenkinga rundt forvaltning av villrein fjell er dei spesielle utfordringane som også gjeld for enkelte delområde langs Listastrendene, som gjerne kan identifiserast som fokusområde. Slik vi tolkar verneforskriftene for t.d. dei to Ramsar-områda Havika og Nordhasselvika (som inkluderer Bausje) – som også er gode lokalitetar for t.d. brettsegling og kiting – så er det nett som for Mølen fuglefredningsområde, fenomenet «*unødig forstyrrelse*» som blir det springande punktet, og sjølv sagt kunnskapsgrunnlaget både om fuglen/verneinteressene og om brukarinteressene som grunnlag for å ev. å kome dei i møte og likevel unngå «*unødig forstyrrelse*», gjennom tilpassa forvaltningsgrep.

Sett i forhold til brettaktivitetar på sjøen så er det fleire forhold som må vurderast i høve til kva som er «*klok bruk*» og kva som er «*unødig forstyrrelse*» av fugleinteressene:

- Ulike brettaktivitetar har ulike krav til lokalitetane (faste naturgjevne forhold) og kvar brettaktivitet og kvar lokalitet må difor vurderast individuelt
- Ulike brettaktivitetar har spesielle krav til når det er gode forhold for eigen aktivitet (vindstyrke, vindretning, bølgeforhold), og optimale forhold opptre heller sjeldan
- Kor omfattande er den aktuelle/sannsynlege brettbruken av viktige fuglelokalitetar til ulike tider av året?
- Kor stor er sjansen for «*unødig forstyrrelse*» av sårbart fugleliv frå ulike brettaktivitetar, på ulike lokalitetar, til ulike tider av året?
- Kor stor er sjansen for «*unødig forstyrrelse*» av sårbart fugleliv frå andre aktørar som fylgjer brettaktivitetane frå land, som følgjepersonar, publikum og fotografar?
- **Kan ein definere og avgrense ei lovleg utøving av (ein eller fleire) brettaktivitetar, enten geografisk eller i tid, slik at faren for «unødig forstyrrelse» blir sterkt redusert, inkludert effekten av «følgjepersonane»?**
- Og i samband med det siste: **Kan ein betre informasjonen og tilrettelegginga slik at ein styrer brettbruken dit han uroar fuglen minst mogleg og samstundes tilfredsstiller behovet for gode segle-/bølgeforhold, og gjer det lettare for brettfolket å skilje mellom lovleg og ulovleg kiting/segling/surfing?**

I tillegg til desse er det sjølvsagt grunnleggande å få betre lokal kunnskap om fuglebestandane, og om effektar på ulike fugleartar til ulike tider av året frå ulike vassbaserte brettaktivitetar og annan bruk. I dette ligg det også eit grunnleggande kunnskapsbehov om kor sårbar/robuste dei ulike artane og bestandane er i ulike fasar av året (overvintring, trekkperioden, hekking og myting), og kva tyding dei enkelte lokalitetane langs Listastrendene har i den samanheng.

Her er det relevant å vise til ein prinsippfigur (**figur 6.1**) frå Strand et al. (2013) som gjeld om synet til og effektar på villreinen frå ulike former for og grader av menneskeleg bruk og påverknad. Snøkinging (tur- eller fristil) i fjellet og effektar på villrein har klare parallellar til problematikken som er omtalt i denne rapporten (sjå t.d. Lilleeng 2007; Fossgård 2011). Lengst nede i figuren ligg tilfeldig/sporadisk bruk, uroing av individ/grupper med liten økologisk effekt og lite behov for forvaltningstiltak, og øvst er omfattande systematisk bruk med stor funksjonell økologisk effekt på bestanden (t.d. redusert reproduksjon eller overleving), og stort behov for å regulere aktivitet eller påverknad. Men i botn for slike vurderingar må det ligge ei grunnleggande vurdering av kva som er «*unødig forstyrrelse*», med andre ord: Kvar set ein grensene for kva som er akseptabelt eller ikkje, i forvaltninga av verneformålet?



**Figur 6.1** Prinsippfigur om sammenhengen mellom effektar av bruksintensitet, infrastruktur og ressursutnytting og populasjonsøkologiske effektar for ein dyrebestand, her villrein (tilpassa frå Strand et al. 2013).

Blant brettaktivitetane på Lista er det surfing og vindsurfing (brettsegling på bølger) som har best vilkår i dag. For desse er den beste lokaliteten på Lista Grettestø/Pisserenna, som ligg i grensesona mellom (Listastrendene) landskapsvernområde og ikkje-verna område, og brettaktivitetar er ikkje forbode her.

Også i Tjørvebukta er det fritt fram, men den er berre eigna for brettsegling – fristil/racing (utan bølger), og det er ei trong og avgrensa vassflate, men svært lett tilgjengeleg (ved Bispen).

Dei utfordrande og viktige stadene i «møtet mellom fugl og brett» er særleg Nordhasselvika Fuglefredingsområde (som omfattar Bausje, Litlerauna og Steinsvika) og områda ved Kviljoodden, kanskje særleg på austsida mot Havika. Det var ved Bausje at Lista som «brettseglingseldorado» vart fødd og utvikla seg.



## 6.2 Samspel/konflikt mellom naturvern, friluftsliv og andre samfunnsinteresser?

Vi har alt vore innom forankringa av berekraftig bruk i Naturmangfaldlova, *wise use* i Ramsar-konvensjonen, og for Lista sin del dreiar jo «klok bruk» seg om langt meir enn forholdet mellom brettbruk og fugleinteresser. Det er svært mange interesser som må gå seg i hop på Lista, og t.d. må fortida få ein plass i notid og framtid. For å sitere frå Fylkesmannen i Vest-Agder (2009: 12): «På Lista, som er et av de rikeste områder på fornminner i Norge, er det registrert over 1.500 faste fornminner som steinalderboplasser, helleristninger, gårdsanlegg, hustufter, gravhauger, gravrøyser, steinsettinger, bygdeborger og nausttufter». Og landbruket står sterkt på Lista og pregar landskapet heilt ned til strandsona og havet; samspelet med bøndene og grunneigarane er avgjerande for det framtidige utviklings- og forvaltningsarbeidet. Eit anna særpreg er landsbyen Borhaug, ein av dei yttarst få landsbyar i Noreg, med opphav i fire gardstun som har vakse seg saman til eit særprega miljø. I ein liten studie om mogleg næringsutvikling i Borhaug/Borshavn peikar Dybvik & Barvik (2009) på kvalitetar, potensiale og utfordringar: Dei natur- og kulturbaserte ressursane i området, med Borhaug, Lista fyr, båtbyggjar- og fiskeritradisjonar, det rike fuglelivet og verneekvalitetane, og dei unike vind- og bølgeforholda i høve til surfing, brettsegling og annan sjøsport. Om ein vil utnytte potensialet ved hamneområdet, Borhaug og Vestbygda må det skje ved ein overordna plan der ikkje t.d. stadig fleire bustadhus går over til å bli fritidsbustader slik at handlingsrommet blir borte. Ein peikar også på at dette jo er ein «utkant i utkanten» der t.d. turiststraumen ikkje er på plass, og her er liten tradisjon for å bygge næringsaktivitet innan reiseliv. Det blir peika på «*små forhold – problemer med lokale interessekonflikter*». Framover tilrår dei å stimulere mangfald og småskala-satsing; «*næringsaktivitet som spiller sammen med tettstedet. Vi antar at «mange-sysleri» vil være et sentralt stikkord for næringsutvikling i området*»: Turistbaserte næringsaktiviteter basert på lokal natur og kultur.

Å ville satse einsidig på brettaktivitet som det grunnleggande elementet i ei turisme-utvikling er truleg ikkje lurt; til det er dei gode vind- og særleg bølgedagane for få. Men som eit element i mange-sysleriet kan det vere viktig – dersom ein god og breitt akseptert fleirbruks-plan kjem på plass. Informantane våre fekk spørsmålet: «*Er det konflikt mellom brettfolket og bruken på land, som turgåing, soling, jogging, piknik mm?*» Det direkte svaret frå ein informant: «*Nei, nei. Mitt inntrykk er at lokalfolket er veldig glade i oss. Delvis fordi vi er her utanom sesongen og legg att pengar i lågsesong. Delvis fordi dei ikkje forstår den store konflikten i forhold til fugl, og syns det er bra at området blir brukt til miljøvennleg aktivitet. Alltid berre hyggeleg å treffe folk på stranda - det gjeld også fuglefolket; vi har jo budd på Lista fyr!*» Og i eit NRK-intervju med ordføraren i Farsund i 2009 seier han at dei vil det beste for surfarane; «*Farsund kommune vil nå legge forholdene til rette for brettseilerne etter all negativ oppmerksomhet rundt seilingsforbudet på Lista*», og han nemner spesielt tiltak ved Borshavn og Pisserenna (<http://www.nrk.no/sorlandet/surferne-skal-fa-komme-til-farsund-1.6842219>).

I samband med pilotprosjektet «Naturarven som verdiskaper» (sjå Miljødirektoratet: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Verneomrader/Naturarven-som-verdiskaper/>) er Sørnorsk Kystnatur utpeika som eitt av i alt 19 prosjektområde i landet. Både heile Naturarv-prosjektet og Sørnorsk Kystnatur viser at det kan ligge meir enn naturvernambisjonar i norske verneområde – ein snakkar om både økonomisk, sosial og kulturell verdiskaping. Sørnorsk Kystnatur er eit samarbeid mellom Lyngdal, Kvinesdal, Flekkefjord og Farsund, og fleire av delprosjekta er knytt til Listastrendene. Ikkje minst så er planen å aktivere oppleving av fuglelivet eit viktig element i turistsatsinga, med etablering av fugletårn, guiding, ny infrastruktur og betre informasjon. Andre satsingar er universelt utforma stiar, opplæring av guidar, miljøvennleg turisme, styrking av kunnskapsbasen Lister mm. Så vidt vi kan sjå er ikkje brettaktivitetar eit tema for satsinga i Sørnorsk Kystnatur, sjølv om Lista er ganske einståande, på strekinga mellom Larvik/Mølen og Jæren. Meir overraskande er det kanskje at Skjærgårdsparken Lister (Fylkesmannen i Vest-Agder 2009) heller ikkje nemner Lista som eit ganske einståande surfe- og brettområde. Truleg er årsaka (både for verdiskapingsprosjektet og Skjærgårdsparken) at det er/var for vanskeleg å lyfte fram tema som surfing/brettsegling/kiting så lenge aktivitetane i

stor grad er knytt til lokalitetar med store fuglevern-interesser og i hovudsak regulert bort frå desse. På nettsida til Sørnorsk Kystnatur slår ein fast eit viktig poeng: «*Bedre kommunikasjon og samarbeid mellom forvaltningsmyndigheter, reiselivsnæring og landsbruksnæring er et virkemiddel for å øke den gjensidige forståelsen for vern og potensialet for bruk*». Vi ville berre ha føya til: «*alle relevante brukar- og interessegrupper*» i den aktuelle aktørlista for kommunikasjon og samarbeid.

### 6.3 Avrunding


Langs Listastrendene er det nokre særleg interessante lokalitetar som peikar rett inn verdien av og behovet for samhandling, og delvis uavhengig av brettaktiviteten. Som **figur 1.1** viser så er Listastrendene ei samanhengande rekkje av verneområde, men med ulik status frå Landskapsvern til Ramsar-område. Det vart laga ein forvaltningsplan for Listastrendene med alle delområde, i 1995 (Benestad & Vikøyr 1995); denne skal no reviderast. Blar vi til **figur 1.2** ser vi innlagte offentlege friluftsområde, t.d. Bausjesanden (kommunalt friområde), Havika (statlig friområde) og Einarsnes/Lomsesanden (statlig friområde) – sjå Fylkesmannen i Vest-Agder (2009).

Her saksar vi kort frå vurderingane i dei to forvaltningsplanane – for Listastrendene (1995) og for Skjærgårdsparken Lister (2009), og dels verneforskriftene for (delar av) Listastrendene (1987). Det er for å få eit innblikk i interessespekteret og utfordringane, ikkje for å gje eit fullt innblikk i saksgangar og t.d. forbod. Det er Bausjesanden/Nordhasselvika og Havika som kan ha interesse i høve til dei vassbaserte brettaktivitetane.

**Bausjesanden** er eit lite kommunalt friområde inne i Nordhasselvika fuglefredningsområde, som elles er privat grunn. Benestad & Vikøyr (1995) poengterer den særleg høge verdien av Nordhasselvika som overvintrings- og trekkområde. I forvaltningsplanen skriv også Benestad & Vikøyr (1995: 86f) at «*Bausje er på Norgestoppen og internasjonalt kjent som brettseilingsarena. ...Bausje er i kommuneplanen satt av til turistformål der det bl.a. tas sikte på å opprette et fylkesanlegg for brettseiling. ...Det er ingen tvil om at brettseilingsaktiviteten har negativ innvirkning på fuglelivet i Nordhasselvika. ...får ikke ro til det nødvendige matopptaket. Fuglene kommer ikke tilbake igjen før det er stille i bukta. Når brettseilerne holder på fra tidlig formiddag og helt til mørkets frambrudd, blir avbruddet i beitinga ... langvarig*». Også redusert hekkesuksess for gravand, ærfugl og vadefuglar blir grunngjeve med segling oppunder land og ferdsel langs stranda frå april til juni. Fylkesmannen foreslo forbod mot brettsegling i Nordhasselvika, med unntak av perioden 1. mai til 15. august. Seinare veit vi at forbodet kom til å gjelde heile året.

Friområdet **Havika** (frå 1972) har ei avgrensing som er identisk med (landarealet) for Ramsar-området Havika (dyrefreding frå 1987), og verneforskrifta sikrar langt på veg det landbaserte friluftslivet og dei rettane som var gjeldande før vernet. Men forskrifta har formuleringar (avsnitt IV 2) som sikrar høve til tiltak for å unngå «*skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse*» av «*fugler, herunder deres reir og egg*». Og i avsnitt IV 5: «*Departementet kan fastsette nærmere bestemmelser om ferdselen i området, dersom dette er nødvendig for å oppfylle formålet med fredningen*».

Når det gjeld behovet for samspel og samordning mellom ulike samfunnsinteresser i forvaltningar av t.d. verneområde, så viser vi igjen til ein prinsippfigur (**figur 6.2**) frå Strand et al. (2013), forankra i utfordringane med forvaltninga av villrein fjell og nasjonalparker, med ulike brukar- og samfunnsinteresser, og ulike samfunns mål som skal gå i hop i eit slikt område. Ein kan godt seie at det er liknande vern-bruk-utfordringar knytt til delar av Listastrendene.



**Figur 6.2** Skisse over målstyrt prosess i område (og fokusområde) med sterke verneinteresser og viktige brukarinteresser – her frå forvaltning av villreinfeil (henta frå Strand et al. 2013).

Denne rapporten har prøvd å få fram at dei ulike brettaktivitetane på Lista har kvar sine særpreg og spesielle krav til lokalitetar og forhold. Men mykje har dei også felles, og om ein fylgjer mediadebatten knytt til desse (og andre) moderne friluftslivsaktivitetar så ser det ut til at «felles ytre fiendar» er eit slag samlingsgrunnlag. Vi snakkar her om det «moderne friluftslivet», ei nemning for aktivitetar som terrengsykling, elvepadling, surfing, kiting, brettsegling, frikøyering på ski eller snøbrett, m.fl. (sjå t.d. Odden 2008), som har fått stadig større omfang dei siste 15 – 20 åra. Dette er ei gruppe som er meir prega av individualisme, involvering og action, enn av organisasjonsarbeid og posisjonering av egne interesser i samfunnet, og dei representerer dessutan ein internasjonal ungdomskultur prega av god fysisk form, teknisk dugleik og moderne (ofte kostbart) utstyr. Dei er godt synlege i media, fordi aktivitetane ofte har eit risikopreg og er visuelt sterke, men dei er mindre synlege i det offentlege friluftslivsarbeidet, og altså i organisasjonslivet. Dei siste åra har fleire representantar for desse moderne ytra seg på nettet om at det trengs ein kamp og gjerne ein eigen organisasjon som talar deira felles «moderne» sak – på tvers av aktivitetane. Og grunnen er – blir det sagt – at dei kjenner seg skvisa, utestengt og neglisjert, til fordel for andre samfunnsinteresser, ikkje minst naturverninteressene (sjå også Langseth 2012 og Løland 2013). Argumenta deira er at dei ikkje ser dokumentasjon på negativ natureffekt av desse moderne aktivitetane, men dei blir likevel utestengt, medan tradisjonelle friluftslivsaktivitetar ikkje blir det. Og dei har forklaringa klar: dette er «nye» aktivitetar utan forankring i det kulturtunge tradisjonelle friluftslivet, og dei blir tillagt ein uklar posisjon i høve til allemannsrettane. Dei rettar gjerne skytset mot Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning (no: Miljødirektoratet) og Fylkesmennene – altså mot sine egne (dvs. dei friluftslivsansvarlege) statlege forvaltningsetatar, og også mot «egne» organisasjonar som DNT og FRIFO, jfr. leiaren i UTE-magasinet 28. september 2009 (<http://www.utemagasinet.no/UTE-aktiviteter/Natur-og-debatt/uteleder45>). I 2013 har det også vore ein underskriftsaksjon på nettet under tittelen «Stopp innskrenkningen av allemannsretten», stila til dåverande miljøvernminister Solhjell (<http://www.underskrift.no/vis.asp?kampanje=4469>). Her er hovudpunkta i kampanjen: «Vi ønsker:

- å ha livskvalitet i fokus – for planter, dyr OG mennesker
- at bruken av byråkratisk skjønn, og føre var-prinsipp som bakgrunn for forbudsvern, utfordres og revideres.

- å fremme et folkekrav om vitenskapelig forskning som grunnlag for forbud som overprøver allemannsretten.
- å fremme et folkekrav om større politisk vilje til å gi dispensasjoner for marginale aktiviteter i vernesoner.»

Her skal vi ikkje ta stilling til kor sanne eller saklege alle skuldingar og resonnement er, men det er liten tvil om at dette er ei gruppe som ikkje kjenner seg heilt heime i (heile) friluftslivsfamilien<sup>4</sup> eller ivaretatt av miljøforvaltninga – og dei høyrer jo faktisk heime både stader! Aktivitetane fell klart innfor definisjonen av 'friluftsliv', sidan dei er ikkje-motoriserte, naturavhengige, naturopplevande og svært så fysisk naturaktive. Og i følge juristane Dannevig (2010) og Reusch (2012) må ein tolke Friluftsløven slik at det i prinsippet er fri ferdsel på sjøen for t.d. dei aktuelle brettaktivitetane, på line med ferdsel med båt (jfr. Friluftsløven av 1957, § 6). Reusch (2012) etterlyser rett nok ei klargjering, t.d. gjennom forskrift, om kven av dei nye uteaktivitetane som skal omfattast av friluftsløva. Men ho står seg på Dannevigs (2010) vurdering om at formålsparagrafen i friluftsløva inntil vidare på vere styrande, nemleg at aktiviteten må vere helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg. Dette siste punktet blir utlagt slik: «...ikke til større ulempe for miljøet og grunneier enn tradisjonelle aktiviteter» (Reusch 2012: 220).

For det er slik med all naturbruk, inkludert friluftsliv: Det har ein effekt på naturen. Kor negativ eller problematisk denne effekten er, kan ein ikkje slå fast ein gong for alle eller ein gong pr aktivitet! I høve til ein eventuell trussel mot eit verneformål så bør ikkje spørsmålet vere om personen brukar sykkel, brett eller beina, men om den dokumenterte miljøeffekten av aktiviteten trugar verneverdiane. Reusch (2012: 272ff) diskuterer dei ulike høva som Naturmangfoldloven gjev for å regulere ferdsel av omsyn til eit verneformål. «På den annen side skal restriksjonene for enkelt friluftsliv ikke være unødige inngripende. Dette kommer til uttrykk flere steder i naturmangfoldloven...» (s. 273). Dessutan er det eit berande prinsipp i Friluftsløva (§ 11) at ein kvar som nyttar seg av den frie ferdselsretten må ferdest *omsynsfullt og med tilbørleg varsemd* mot miljøet, grunneigaren og andre brukarar.

Igjen viser vi til **figur 6.2**, om kva som bør til når fleire samfunnsinteresser skal balanserast i attraktive og verdifulle SØS (sosiale-økologiske system), t.d. i verneområde.

<sup>4</sup> Dei seinare åra har også DNT markert dei same kritiske synspunkta; t.d. vedtok landsmøtet til DNT i 2010 ein resolusjon med tittel: «*Ferdselsregulering uthuler allemannsretten*», m.a. fordi ein meinte at det er svært uheldig at ungdomsaktivitetar som brettsegling, kiting, og andre «*nyere former for friluftsliv*» ser ut til å vere særleg ramma av slike reguleringar. (<http://www2.turistforeningen.no/files/DNT/Resolusjoner/Resolusjon%202010%20-%20Ferdselsregulering%20uthuler%20allemannsretten.pdf>)

## 7 Referansar

- Benestad, F.Y. & Vikøyr, B. 1995. *Forvaltningsplan for Listastrendene*. Rapport nr 4/95. Kristiansand: Fylkesmannen i Vest-Agder, Miljøvernavdelinga.
- Dannevig, Ø. 2010. *Nye ferdselsformer i friluftslivet?* – Institutt for offentlig retts skriftserie nr. 5, Universitetet i Oslo.
- DN 2001. *Friluftsområder - offentlig sikring og forvaltning*. DN-håndbok 16. Trondheim: Miljødirektoratet (no erstatta av DN-håndbok 30 – 2011).
- Dybvik, B. & Barvik, K. 2009. *Mulighetsstudie – Næringsutvikling i Borshavn*. Stavanger: Asplan Viak AS.
- Folke, C. 2006. Resilience: The emergence of a perspective for social-ecological systems analyses. *Global Environmental Change* 16: 253-267.
- Follestad, A. 2012. *Kunnskapsoversikt over effekter av forstyrrelser på fugler: Innspill til forvaltningsplaner for Lista- og Jærstrendene*. NINA Rapport 851.
- Follestad, A. & Vistad, O.I. 2013. *Metodeutprøving for fugl-ferdsel-prosjektet. Forsøk på Lista våren 2013*. NINA Rapport 994.
- Fossgard, K. 2011. *Kitere på Hardangervidda. Hvem er de og hva gjør de?* Masteroppgave. Ås: UMB, Institutt for naturforvaltning.
- Gundersen, V., Nerhoel, I., Vistad, O.I., Kaltenborn, B.P., Wold, L.C., Andersen, O. & Fangel, K. 2012a. Hvordan skaffe data på ferdsel i verneområder? I: Kaltenborn, B.P. 2012. *Bruk og vern av verneområder. Sluttrapport*. Strategisk instituttprogram for perioden 2009-2011. – NINA Temahefte 50.
- Gundersen, V., Andersen, O., Kaltenborn, B.P., Nerhoel, I., Vistad, O.I. & Wold, L. C. 2012b. Målstyrt forvaltning i verneområder – en kunnskapsoversikt. I: Kaltenborn, B.P. 2012. *Bruk og vern av verneområder. Sluttrapport*. Strategisk instituttprogram for perioden 2009-2011. – NINA Temahefte 50.
- Fylkesmannen i Vest-Agder 2009. *Forvaltningsplan for Skjærgårdsparken Lister*. Kristiansand.
- Fylkesmannen i Vestfold 2013. *Forvaltningsplan for Mølen fuglefredningsområde, Larvik kommune. Høringsforslag 28.10.2013*. Tønsberg.
- Kajala, L. (ed.), Almik, A., Dahl, R., Dikšaitė, L., Erkkonen, J., Fredman, P., Jensen, F. S., Karoles, K., Sievänen, T., Skov-Petersen, H., Vistad, O. I. & Wallsten, P. 2007. *Visitor monitoring in nature areas – a manual based on experiences from the Nordic and Baltic countries*. TemaNord 534. Copenhagen: Nordic Council of Ministers / Stockholm: Swedish Environmental Protection Agency (<http://www.naturvardsverket.se/Documents/bokhandeln/620-1258-4.htm>). Finst også i svensk utgåve: TemaNord 2007: 601 [www.norden.org/pub/miljo/miljo/sk/TN2007601.pdf](http://www.norden.org/pub/miljo/miljo/sk/TN2007601.pdf)
- Langseth, T. 2012. *Spenningsøkingens sosialitet. En sosiologisk undersøkelse av verdi system i risikosport*. Doktorgrad. Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Lilleeng, M.S. 2007. *Behavioral responses of feral reindeer (Rangifer tarandus tarandus) to direct approach by skier and snow-kiter: - experimental measurements and piecewise-linear modeling*. Masteroppgave. Ås: Institutt for naturforvaltning, UMB.
- Løland, S. 2013. *Kampen for bølgyene. Eit bidrag til å forstå bølgyesurfaren sin motstand mot surfe-forbudet på Jæren*. Masteroppgave. Bø: Høgskolen i Telemark.
- McNeely, J.A. (ed.) 1995. *Expanding partnerships in conservation*. (IUCN – International Union for Conservation of Nature and Natural Resources). Washington DC: Island Press.
- Odden, A. 2008. *Hva skjer med norsk friluftsliv? En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004*. Doktoravhandling ved NTNU 2008:289. Trondheim: Geografisk institutt, NTNU.
- Reusch, M. 2012. *Allemannsretten. Friluftslivets rettsgrunnlag*. PhD-avhandling. Institutt for privatrett, UiO. Oslo: Flux forlag.

- Strand, O., Flemsæter, F., Gundersen, V. & Rønningen, K. 2013. *Horisont Snøhetta*. – NINA Temahefte 51: 99 s.
- Walker, B. et al. 2002. Resilience Management in Social-ecological systems: a Working Hypothesis for a Participatory Approach. *Conservation Ecology* 6/1: 14 (online – 17 s.)
- Vistad, O.I., Eide, N.E., Hagen, D., Nellemann, C., Framstad, E., Erikstad, L., Gjershaug, J.O. & Vistnes, I. 2007. A. *Overvaking av verneområde*. B. *Forslag til overvåkingsplan for vernekvaliteter, ferdsel og påverknad i verneområda på Dovrefjell. Eit pilotprosjekt*. – NINA Rapport 188. 80 s.
- Wilshusen, P.R., Brechin, S.R., Fortwangler, C.L. & West, P.C. 2002. Reinventing a Square Wheel: Critique of a Resurgent «Protection Paradigm» in International Biodiversity Conservation. *Society and Natural Resources* 15: 17-40.







*Norsk institutt for naturforskning (NINA) er et nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innen naturforskning. Vår kompetanse utøves gjennom forskning, utredningsarbeid, overvåking og konsekvensutredninger.*

*NINAs primære aktivitet er å drive anvendt forskning. Stikkord for forskningen er kvalitet og relevans, samarbeid med andre institusjoner, tverrfaglighet og økosystemtilnærming. Offentlig forvaltning, næringsliv og industri samt Norges forskningsråd og EU er blant NINAs oppdragsgivere og finansieringskilder.*

*Virksomheten er hovedsakelig rettet mot forskning på natur og samfunn, og NINA leverer et bredt spekter av tjenester gjennom forskningsprosjekter, miljøovervåking, utredninger og rådgiving.*

ISSN:1504-3312

ISBN: 978-82-426-2608-0

## Norsk institutt for naturforskning

NINA Hovedkontor

Postadresse: Postboks 5685 Sluppen, NO-7485 Trondheim

Besøks/leveringsadresse: Tungasletta 2, NO-7047 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00, Telefaks: 73 80 14 01

E-post: [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)

Organisasjonsnummer 9500 37 687

<http://www.nina.no>

Samarbeid og kunnskap for framtidens miljøløsninger